



NORSK
FILMINSTITUTT

NFI.no

ÅRSRAPPORT 2013

INNHold

| | |
|---|--------------|
| Styrets årsmelding | s. 3 |
| Regjeringsoppdraget | s. 6 |
| Resultatrapport | s. 7 |
| Styrkt produksjon | s. 7 |
| <i>Prioriterte område og særskilde utfordringar</i> | s. 7 |
| <i>Filmpolitisk mål: Styrkt produksjon</i> | s. 12 |
| Solid publikumsoppslutning | s. 23 |
| <i>Prioriterte område og særskilde utfordringar</i> | s. 23 |
| <i>Filmpolitisk mål: Solid publikumsoppslutning</i> | s. 33 |
| Kvalitet og mangfald | s. 38 |
| <i>Prioriterte område og særskilde utfordringar</i> | s. 38 |
| <i>Filmpolitisk mål: Kvalitet og mangfald</i> | s. 40 |
| Filmkultur til alle | s. 46 |
| <i>Prioriterte område og særskilde utfordringar</i> | s. 46 |
| <i>Filmpolitisk mål: Filmkultur til alle</i> | s. 50 |
| Årsrekneskap | s. 53 |
| Verksemdsstyring og personalforvaltning | s. 57 |

STYRETS ÅRSMELDING

FILMÅRET 2013 gav 2,7 millionar besøkjande til norsk film på norske kinoar. Dette er det nest høgaste besøks-talet sidan 1975, berre slått av rekordåret 2011. Mar-knadsdelen på heimemarknaden var på 22,8 prosent, eit resultat som er svært sterkt også i europeisk saman-heng. Også i 2013 var årets mest sette film på kino norsk, *Solan og Ludvig – Jul i Flåklypa*.

Norsk filminstitutt (NFI) er statens rådgivar på det filmpolitiske området og har ansvaret for å forvalte den statlege filmpolitikken slik at bran-sjen skal kunne nå dei filmpolitiske måla. Det overordna målet for verksemda i NFI er å bidra til å styrkje den audiovisuelle kulturen i Noreg, både blant bransje og blant publikum.

Dei viktigaste verkemidla er forvaltninga av tilskott til selskap og enkeltpersonar. I 2013 gjorde NFI tildelingar på totalt 442,1 millionar kroner over fond på post 50. 40,5 millionar kroner blir overført til neste år.

Dei store overføringane til 2014 er i hovud-sak knytte til prosjekt som ikkje vart realiserte i løpet av 2013. Dette omfattar både tv-seriar og kinofilmar. Grunnane til bortfallet er saman-sette, men vi ser at det blir stadig vanskele-gare å fullfinansiere filmar internasjonalt, og at fleire prosjekt derfor ikkje kjem i produksjon som planlagt.

Løyvinga på post 71 *Filmtiltak* var på 19,4 mil-lionar kroner, og det er søkt om overføring for 10 millionar kroner knytt til innkjøpsordning for

film og innkjøpsordning for dataspel. Løyvinga på post 78 var på 4,3 millionar kroner, fordelt på stipend og filmkulturelle tiltak.

Fallet i salsinntekter frå dvd held fram og aukar også i 2013. NFIs inntekter på dvd-sal fall med 22,8 prosent frå 2012 til 2013. Dette er i tråd med endringane i totalmarknaden for dvd-sal. Bransjeorganisasjonen Film & Kino melder at nedgangen i kjøpefilm på dvd frå 2012 til 2013 var på 35,6 prosent.

SÆRLEGE SATSINGAR I 2013

Det var 20 norske fiksjonsfilmar og fire doku-mentarfilmar som hadde kinopremiere i 2013. Talet på premiefilmar svingar litt frå år til år, men talet på tilskott er relativt stabilt. Hovud-grunnane til variasjonane er at ulike filmar har ulik produksjonstid, noko som ikkje blir regulert gjennom tilskotta. Vidare er det alltid ein viss del av filmane som ikkje får førehandstilskott, og som er retta aleine inn mot etterhandstilskottet, og også talet på desse vil variere. Å

regulere talet på førehandstilskotta vil derfor ikkje gi ein direkte verknad på talet på premierefilm.

Det vart i 2013 gitt åtte tilskott til produksjon av tv-drama. Fire av dei gjekk til seriar retta inn mot barn og unge. Det har ikkje vore nokon auke i talet på tilskott, men derimot har enkelte prosjekt fått større tilskott enn tidlegare, med ei målsetjing om at dette skal bidra til å heve kvaliteten. Det vart også gitt 13 tilskott til utvikling av tv-seriar. Det tilsvarande talet for dataspel er 31 utviklingstilskott, som er det høgaste talet dei siste åra.

NFI vidareførte den internasjonale satsinga i 2013. Det vart gitt seks tilskott til norske minoritetsproduksjonar. I vurderinga av tilskott har NFI i tillegg til den kunstnarlege kvaliteten lagt aukande vekt på relevansen prosjektet har for eit norsk publikum og kva det kan bidra med til den norske filmbransjen.

NFI inngjekk hausten 2013 ein samarbeidsavtale om dokumentarfilm med det nederlandske filmfondet. Avtalen er treårig og skal omfatte tre filmar frå kvart land. Majoritetsproduksjonar som har motteke støtte frå det nasjonale filmfondet, vil da vere prioritert for tilskott som minoritetsproduksjon i motsvarande fond. For å styrkje samarbeidet mellom norsk og internasjonal bransje har NFI særleg satsa på internasjonale forum og var partner eller bidragsytar i sju internasjonale møtestader. Målsetjinga er å auke det internasjonale nettverket til norsk filmbransje.

Norsk film gjorde det også godt på internasjonale festivalar og i konkurranse. Norsk dokumentarfilm fekk til dømes to prisar på International Documentary Film Festival Amsterdam (IDFA), og Noreg fekk Oscar-nominasjon og Golden Globe-nominasjon til Kon-Tiki. Filmen vart også nominert til The Peoples Choice Award i European Film Awards.

Prosentdelen kvinner i nøkkelposisjonar

for kinofilm som fekk produksjonstilskott i 2013, er på 38,5. Kvinnedelen mellom regissørar er på 31,3 prosent. For kinofilm som fekk tilskott etter kunstnarleg vurdering, er kvinnedelen blant regissørar 36,4 prosent (inkludert ein film som vart gitt produksjonstilskott i pakkefinansieringsordninga, og ein film som fekk støtte gjennom Nye vegar-ordninga), medan kvinnedelen for marknadsfilmen er 25 prosent.

Film skal ha ein sterk posisjon blant barn og unge, og NFI har eit særleg ansvar knytt til barn og unges filmtilbod på fritida og som produsentar av eigne filmuttrykk. NFI tek vare på dette ansvaret blant anna gjennom Barnas Cinematek, utstillingar og aktivitetar i Filmmuseet og Filmgalleriet og som forvaltar av post 78 på statsbudsjettet, *Filmkulturelle tiltak*. Frå denne posten tildelte NFI 2,7 millionar kroner til filmkulturelle tiltak over heile landet i 2013. Besøket på Barnas Cinematek auka litt frå 2012 og 2013.

NFI har i 2013 lagt særleg vekt på kontroll av tilskottsmottakarar. Det har vore gjennomført ein systematisk gjennomgang og ei etterlysing av rapportar også på mindre tilskott, og det er gjort oppfølging av rekneskap.

NFI ferdigstilte og vedtok ein krisehandlingsplan for verksemda, med underliggjande avdelingsvise planar. Planen omfattar både fysisk tryggleik og IKT-tryggleik. Sårbare område vil bli følgde opp i 2014.

UTSIKTENE FRAMOVER

Norsk film har høg tillit hos publikum, noko som blir spegla i høge besøkstal. Den veksande internasjonale merksemda viser at Noreg også hevdar seg i kvalitet på eit internasjonalt nivå. Det gir eit godt utgangspunkt for norsk filmbransje.

Samstundes står bransjen ovanfor nye strukturelle utfordringar som følgje av endra vilkår for finansiering og distribusjon. Europeisk filmfinansiering er svekt i mange land dei seinare åra. Fleire land har erstatta tilskottsordningar med incentivordningar for å trekke til seg utanlandske produksjonar.

I og med at norske produksjonar har ein liten heimemarknad, har dei også relativt høg risiko med avgrensa innteningspotensial. Det gir vidare svakare tilgang til risikokapital utover eigenkapitalen i selskapet. Fleire prosjekt har derfor orientert seg mot Europa både for finansiering og for å utvide marknaden gjennom internasjonale samproduksjonar. Det er særleg desse satsingane som no opplever vanskar, med mindre tilgang til kapital frå andre nasjonale fond. Fleire prosjekt stansar opp fordi produsentane ikkje får på plass finansiering i tide.

Incentivordningane er til nytte når produksjonen allereie er i gang, ved at dei gir reduserte kostnader, men dette er ikkje kapital som er tilgjengeleg i investeringsfasen. Incentivordningar og regionale fond har vidare ofte krav til lokal bruk av tildelte midlar og til bruk av lokal arbeidskraft. Det fører med seg at denne kapitalen også flyttar arbeid ut av Noreg. Det har vore eit politisk ønske å styrkje det internasjonale samarbeidet i norsk film, som også kan bidra til kompetanseheving i norsk bransje. I tillegg er dette ofte ei kostnadseffektiv løysing.

Samtidig må det balanserast mot risikoen for utflagging av annan kjernekompetanse. NFI vil derfor særleg følgje denne utviklinga frametter. På sikt bør ein også vurdere proporsjonaliteten mellom norske verkemiddel og internasjonale tilbod.

Samla sett understrekar dette behovet for ei sterk grunnfinansiering av norsk film, dersom vi stadig skal ha norske filmar med norsk kunstnarleg utgangspunkt. Særleg

gjeld dette den smalare og kunstnarleg ambisiøse filmen, som vil vere mest utsett ved redusert eller bortfall av førehandstilskott. Film med eit større marknadspotensial på norske kinoar vil truleg kunne rette seg direkte mot etterhandstilskottet, slik at det totale produksjonstalet kan haldast oppe, men utan same kvalitetsutvikling. På sikt vil eit auka press på etterhandstilskottet igjen gi strammare rammer for førehandstilskotta, og vi risikerer at bransjen kjem inn i ein vond sirkel.

Vilkåra for distribusjon av norsk film på heimemarknaden er i endring. Det er per i dag få aktive distributørar av norsk kinofilm. Derfor blir det konkurranse mellom produsentane om å finne distributør til filmene sine.

Etter digitaliseringa av norske kinoar har tilgangen til filmar auka også for dei mindre kinoane. Det kan ha den sideeffekten at norske filmar som ikkje trekker eit tilstrekkeleg publikum, blir tekne av ved mindre kinoar etter kort tid, fordi nokre av kinoane av økonomiske grunnar ønskjer eit meir kommersielt tilbod. På den andre sida har også ein del mindre kinoar klagt over at dei ikkje har fått tilgang til dei norske filmene raskt nok, fordi distributørane ikkje ønskjer å betale VPF-avgift for oppsetjingar som ikkje dekkjer inn kostnaden.

Norsk film har hatt ein viktig plass på norske kinoar, og dette har vore ein føresetnad for at tilliten frå publikum har auka. For å halde oppe denne tilliten er vi avhengige av både at det er rammevilkår for produksjon av norsk kvalitetsfilm, og at publikum framleis får god tilgang til den dagsaktuelle filmen på sin nærkino.

NORSK Filminstitutt (NFI) har fått i oppdrag av staten å gjennomføre den norske filmpolitikken. NFI er underlagt Kulturdepartementet og forvaltar dei statlege verkemidla på følgjande filmområde: Utvikling, produksjon, distribusjon, lansering og filmkultur. Måla for regjeringas politikk er trekt opp i Stortingsmelding nr. 22 (2006–2007) *Vei-viseren. For det norske filmfløftet*, i tillegg til budsjettproposisjonen for 2013, Prop. 1 S (2012–2013). Hovudmålet for filmområdet er eit mangfald av film- og fjernsynsproduksjonar som er baserte på norsk språk, kultur og samfunnsforhold, som er anerkjende for høg kvalitet, kunstnarleg dristigheit og nyskaping, og som utfordrar og når eit stort publikum i Noreg og internasjonalt.

NFI har hatt fire resultatmål som skal sørge for at dei fire hovudmåla i filmpolitikken blir nådde:

STYRKJE PRODUKSJONEN: Norsk filmproduksjon skal styrkjast. Det skal produserast gjennomsnittleg 25 langfilmar i året, av dei minst fem dokumentarfilmar og fem barne- og ungdomsfilmar. Det skal utviklast eit sterkt produksjonsmiljø med auka talentutvikling, profesjonalitet og kontinuitet. Ein økonomisk solid bransje skal byggjast gjennom effektive og målretta tilskottsordningar, auka private investeringar og auka marknadsinntekter.

SOLID PUBLIKUMSOPPSLUTNING: Fleire skal oppleve norske filmar. Målet er at minst 3 millionar besøkjande skal sjå norske filmar på kino, tilsvarende 25 prosent av kinomarknaden. Den norske delen av dvd-marknaden og klikefilm-marknaden skal utgjere 15 prosent, og eksporten av norske audiovisuelle produksjonar skal aukast.

KVALITET OG MANGFALD: Norske filmar skal styrkjast og oppnå ei solid publikumsoppslutning gjennom kvalitet og mangfald i uttrykksform, produksjonskostnad og målgrupper basert på sterke filmmiljø i alle landsdelar. Kvinner skal ha minst 40 prosent av nøkkelposisjonane i norsk film, og norske kort- og langfilmar, dokumentarfilmar og fjernsynsdrama skal konkurrere om viktige internasjonale prisar.

FILMKULTUR FOR ALLE: Den norske filmarven skal sikrast og gjerast tilgjengeleg på alle plattformer. Eit breitt filmtilbod skal vere tilgjengeleg i fjernsyn, bibliotek og digitale kinoar i heile landet. Norske filmar skal ha ein sterk posisjon blant barn og unge som filmpublikum og film-skaparar, i både skole og fritid.

MÅLA er ikkje tidsavgrensa og må såleis sjåast på som langsiktige mål. Resultata for fleire av måla må derfor sjåast som eit gjennomsnitt over fleire år.

NFI gjer årleg greie for resultatet av verksemda knytt til dei filmpolitiske måla. Resultatrapporten er delt inn i fire delar – ein del for kvart av dei fire hovudmåla: Styrkt produksjon, solid publikumsoppslutning, kvalitet og mangfald og filmkultur for alle. I tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet blir NFI bedt om å gi prioritet til nokre område innanfor kvart hovudmål. Kvar del i resultatrapporten blir innleidd med ei oversikt over dei prioriterte områda til NFI i 2013.

STYRKT PRODUKSJON

Produksjon av kinofilm er kostbart, og størstedelen av midlane NFI forvaltar, går til produksjon av eit mangfald av kinofilmar av høg kvalitet. Samtidig er tv-drama og dataspel format som dei seinare åra har vorte meir anerkjende som kulturuttrykk både hos publikum og hos kritikarar. Dette blir òg spegla i tilskottsordningane til NFI: Det blir i stadig større grad satsa på tv-drama og dataspel.

PRIORITERTE OMRÅDE OG SÆRSKILDE UTFORDRINGAR 2013

I tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet er Norsk filminstitutt bedt om å prioritere produksjon og utvikling av norsk tv-drama og dataspel:

Ifølge Kulturløftet II er det et mål at Norge skal bli ledende i Norden på film, fjernsynsdrama og dokumentar. NFI må prioritere å legge til rette for produksjon og utvikling av flere norske tv-drama av høy kvalitet. Det er en forutsetning at det blant disse produseres tv-drama for barn og unge.


I St.meld. nr. 14 (2007–2008) Dataspill slår regjeringen fast at dataspill er en viktig del av Kulturløftet. NFI skal i 2013 satse videre på utvikling av dataspill. Det er viktig å sikre at særlig barn og unge får tilgang til spill av høy kvalitet basert på norsk språk og kultur.

SÆRSKILD SATSING PÅ TV-DRAMA

NFI har i stadig større grad prioritert norsk tv-drama dei siste åra, og 2013 har ikkje vore noko unntak i så måte. Det vart i 2013 løyvd 47,5 mil-

lionar kroner til norsk tv-drama, noko som utgjer elleve prosent av dei totale fondsmidlane NFI disponerer. Til samanlikning vart det løyvd 32,1 millionar kroner til tv-drama i 2012. Går vi enda lenger tilbake i tid, ser vi at auken har vore stor. I 2009 vart det gitt 16,3 millionar kroner i tilskott til tv-drama, noko som den gongen utgjorde fem prosent av fondsmidlane. Dette betyr at det har vore ein auke i tilskott til tv-drama på 190 prosent frå 2009 til 2013.

FIGUR 1: Tilskott til tv-drama i kroner



Det blir gitt støtte til utvikling, produksjon og lansering av norsk tv-drama. Tabell 1 viser korleis løyvingane til tv-drama fordelte seg på dei ulike støtteordningane.

TABELL 1: Søknader og tilskott til tv-drama 2013

| | Søknader | Tilskott | Tilskottsbeløp |
|------------|----------|----------|----------------|
| Utvikling | 18 | 13 | 6 125 000 |
| Produksjon | 10 | 8 | 41 250 000 |
| Lansering | 8 | 7 | 212 254 |
| Sum | 36 | 28 | 47 587 254 |

13 prosjekt har fått utviklingsstøtte i 2013, mens 8 prosjekt har fått produksjonstilskott. Blant prosjekta som har fått produksjonstilskott, finn vi store satsingar som produksjonsselskapet Filmkameratenes *Kampen om tungtvannet*, som tek utgangspunkt i dei alliertes innsats for å øydeleggje tungtvassproduksjonen ved Rjukan under den andre verdskrigen. I samband med tildelinga uttalte daverande direktør for Utvikling og produksjon ved NFI Ivar Køhn at «kampen om tungtvannet var en viktig hendelse i Norge under andre verdenskrig. Det er fortsatt mange historier rundt dette som ikke er fortalt, og jeg har stor tro på at Filmkameratene og Per Olav Sørensen skal gjøre Kampen om tungtvannet meget severdig».

Det er i 2013 gitt utviklingstilskott til éin og produksjonstilskott til fire tv-seriar for barn og unge. Ein tv-serie som har fått både utviklings- og produksjonsstøtte frå NFI i 2013, er *Trio*. *Trio* er ei storsatsing for barn og unge som blir produsert av Nordic Stories AS og handlar om Runa på 12 år som flyttar til Skjåk i Gudbrandsdalen. Ho møter Simen og Lars, og dei blir venner. Alle tre står litt på utsida, men blir raskt ein gjeng som er villig til å ta opp kampen for rettferd. Saman avslører dei store og små mysterium i bygda. Serien hadde premiere på NRK Super i januar 2014. Også fleire

barne- og ungdomsseriar fekk lanseringstilskott i 2013, blant dei animasjonsserien *Elleville Elfrid 2*, som er produsert av Kool Produksjon. Det er produsert tre sesongar av serien, og alle har fått utviklings- og produksjonsstøtte frå NFI. Sesong 3 hadde premiere på NRK i desember 2013.

Blant dei store suksessane i 2013 finn vi tv-dramaserien *Halvbroren*, som er produsert av Monster Film AS med støtte frå NFI, og som i 2013 vart tildelt lanseringsstøtte. *Halvbroren*, som er basert på Lars Saabye Christensens roman med same namn, er ein familiesaga som omfattar fire generasjonar i det 20. hundreåret, fortald gjennom historia til Barnum Nilsen.

Serien, som vart send på NRK våren 2013, hadde i snitt over 1 million sjåarar, fekk jamt over gode meldingar og har motteke prisar både nasjonalt og internasjonalt. *Halvbroren* representerer eit stort løft innanfor norsk tv-drama og viser at satsinga på tv-drama dei siste åra har bore frukter.

Det er gjennom tv-drama at størstedelen av det norske publikummet får kontakt med ny norsk dramatik. Dramaseriar kan samle det store publikummet, samstundes som statusen til sjangeren har vakse hos kritikarar og filmskapparar.


NFI har òg gjennom kompetansebygging hatt eit spesielt fokus på tv-drama og er blant anna medarrangør av det årlege tv-dramakonventet på Losby, der bransjen møtest til faglege diskusjonar, kreativ inspirasjon og sosialt samvær.

DATASPEL AV HØG KVALITET

Dataspel er ein viktig del av barn og unges kultur- og mediekvardag. Marknaden blir dominert av importerte spel, og det er derfor viktig at det òg blir utvikla spel baserte på norsk språk og kultur. NFI støttar utvikling og lansering av dataspel for barn og unge innanfor alle sjangrar og til alle plattformer. I 2013 har NFI auka talet

på tilskott til dataspel og i tillegg auka tilskottsbeløpa til nokre av dei større prosjekta. I 2013 vart det løyvd 23,8 millionar kroner til utvikling og lansering av dataspel, mens det i 2012 vart løyvd 15,5 millionar kroner. Dersom vi går fem år tilbake i tid, ser vi at tilskott til dataspel har auka med 110 prosent frå 2009 til 2013.

FIGUR 2: Tilskott til dataspel i kroner



Det vart gitt støtte til utvikling av 31 dataspel og lansering av 25 spel i 2013, mens det i 2012 vart gitt støtte til utvikling og lansering av høvesvis 23 og 5 prosjekt.

TABELL 2: Søknader og tilskott til utvikling og lansering av dataspel

| | Søknader | Tilskott | Tilskottsbeløp |
|------------------|----------|----------|----------------|
| Utvikling | 121 | 31 | 20 696 000 |
| Lansering Noreg | 14 | 14 | 2 399 905 |
| Lansering utland | 11 | 11 | 774 250 |
| Sum | 146 | 56 | 23 870 155 |

Blant dataspela som har fått utviklingstilskott i 2013, finn vi blant anna *Kaptein Sabeltann på nye tokt*, *Den magiske festivalen* og *Drømmefall Kapitler*.

Drømmefall Kapitler er oppfølgjaren til speltrilogien som begynte med *Den lengste reisen* i 1999, og som heldt fram med *Drømmefall* i 2006. Spelet blandar magi og vitskap, røyndom,

fantasi og draumar med vakker grafikk, nyskapande spelmekanikk, levande karakterar og ei spennande interaktiv forteljing. *Drømmefall Kapitler* er produsert for PC og Mac av Red Thread Games AS, i samarbeid med Funcom AS. Som første norske selskap satsa Red Thread Games i 2012 på å finansiere spelet ved ein såkalla kickstartarkampanje (crowdfunding), der fans kunne gi donasjonar for å få i gang spelet. Folkefinansieringa vart ein suksess og viste at dette var eit etterlengta spel som mange glede seg til skulle komme. Det vart løyvd 1,5 millionar kroner til utvikling av *Drømmefall Kapitler* i 2013. Spelet har tidlegare motteke éin million kroner i utviklingstilskott, så til saman har prosjektet motteke 2,5 millionar kroner i tilskott frå NFI.


NORSKE SPEL UT I VERDA

Blant dataspela som har fått lanseringsstøtte i 2013, finn vi *Hokus Pokus Albert Åberg*, *Teslagrad*, *Vennebyen*, *Shiftlings* og *Owlboy*. *Owlboy* vart teke ut til den prestisjetunge kongressen Pax Prime, mens *Teslagrad* og *Shiftlings* vart vist fram under Eurogamer Expo.

Pax Prime er ein av dei aller mest prestisjetunge messene for indiespel, og berre ti prosjekt vart valde ut til å bli presenterte der i slutten av august 2013. *Owlboy* er eit 2D-plattformspel, med vekt på eventyr, oppdaging og forteljing av ei magisk historie. Spelaren tek kontroll over Otus, ein karakter som deler likskapar med ei stor ugle. *Owlboy* har vore i utvikling i fleire år og fått støtte frå NFI i fleire omgangar. Spelet har vore presentert på ei rekke store messer og konferansar tidlegare.


EIN KREATIV OG NYSKAPANDE BRANSJE

Eitt av måla for dataspelpolitikken er ein livskraftig norsk spelprodusentbransje med fokus på kompetanse, innovasjon og teknologiutvikling. Eitt av fleire tiltak for å stimulere til kreativitet og nyskaping er NM i gameplay som NFI har



Norsk spelbransje har vore representert på internasjonale og viktige kongressar og messer som Pax Prime i 2013, med dataspellet *Owlboy*. 50 bransjeekspertar vel her ut kva for ti spel som fortener ein ekstra merksemd. Tidlegare har blant anna populære spel som *Machinarium*, *Bastion* og *Fez* vore blant dei valde.





oy

Andreas Hadsel Opsvik, Filmpolitiet P3 30.juli 2013 om Owlboy:

-Me har venta lenge på Owlboy, plattformspelet frå det norske D-Pad Studios. Etter å ha blitt vist fram på blant anna International Game Conference i 2010 var det i utgangspunktet tiltenkt lansering i 2011, men det bergensbaserte spelselskapet har teke tida til nytte og arbeider framleis på spelet. No er spelet henta fram som eit av spelnessa PAX Primes mest lovande, til lista PAX 10.

arrangert dei tre siste åra. I NM i gameplay skal deltakarane lage kvar sin spelbare prototype med utgangspunkt i eit gitt tema. I 2013 var det Rock Pocket Games som vart noregsmeisterar og kunne innkassere eit tilskott på 100 000 kroner til å vidareutvikle spelet Shiftlings.

– Det har vore utruleg morosamt å sjå korleis interessa for NM i gameplay har auka kraftig sidan vi første gong arrangerte konkurransen i 2011. Det er vorte ein viktig møteplass for den norske spelbransjen, og både studentar, amatørar og dei meir etablerte spelselskapa var representerte. Nivået på spela som vart presenterte laurdag, var imponerende høgt og viser at det skjer utruleg mykje bra i norsk spelbransje for tida. Det er berre å gratulere Rock Pocket med sigeren, sa Norsk filminstituttts produksjonsrådgivar for spel Kaja Hench Dyrлие i samband med sigeren.

Det er hard konkurranse om tilskottsmidlane NFI gir til spelutvikling. Av 121 søknader om utviklingsmidlar var det berre 31 prosjekt som fekk tilskott. Eit arrangement som NM i gameplay gir nye talent sjansen til å få vist fram det dei arbeider med for bransje, presse og publikum. NM i gameplay har òg vorte ein naturleg møteplass for spelutviklarar.

NFI arrangerte i 2013 òg eit spelkonvent for spelprodusentar og spelutviklarar, det andre i rekka. Formålet med arrangementet er kompetanseheving og nettverksbygging. Spelkonventa er eitt av få samlingspunkt for den norske spelbransjen, og det blir planlagt å gjennomføre dette arrangementet kvart år framover.

FILMPOLITISK MÅL: STYRKT PRODUKSJON

"Styrkt produksjon" er eitt av måla for norsk filmpolitikk. Dette er utdjupa slik i St.meld. nr. 22 (2006–2007) *Veiviseren*:

- *gjennomsnittleg minst 25 langfilmar i året, av dette fem dokumentarar og fem barne- og ungdomsfilmar*

- *eit sterkt produksjonsmiljø, med auka talentutvikling, profesjonalitet og kontinuitet i alle delar av produksjonen.*
- *ein økonomisk solid bransje gjennom effektive og målretta tilskottsordningar, auka private investeringar og auka marknadsinntekter*

24 NORSKE PREMIERFILMAR I 2013

I 2013 hadde 24 norske kinofilmar premiere, av dei 6 filmar for barn og unge og 4 dokumentarar. Målet om minst 25 langfilmar i året er dermed ikkje nådd i 2013, men som det blir presisert i tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet, er måla ikkje tidsavgrensa, og det er naturleg å sjå resultatata for fleire av måla som gjennomsnitt over fleire år. Dei siste fem åra (perioden 2009 til 2013) har 128 norske filmar hatt kinopremiere, noko som i snitt gir 25,6 filmar i året.

Blant dei 24 filmene med premiere i 2013 var det 19 filmar med førehandstilskott frå NFI. 16 av dei fekk støtte etter kunstnarleg vurdering (inkludert tre kinodokumentarar), mens tre fekk støtte over marknadsordninga. Dei tre marknadsfilmene var *Mormor og de åtte ungene*, *Gåten Ragnarok* og *Solan og Ludvig – Jul i Flåklypa*. Alle tre filmene var blant dei fire mest sette norske filmene i 2013, jf. besøks-tala for norske kinofilmar (sjå *Solid publikumsoppslutning*). Gjennom marknadsordninga blir filmar med høgt publikumspotensial prioriterte. Berre filmar med eit publikumsestimat på minimum 200 000 besøkjande kan få støtte over denne ordninga. I kvar søknadsrunde vil den filmen som har høgast publikumsestimat uavhengig av budsjett, bli prioritert. Deretter vil filmar med høgt publikumsestimat og lågare budsjett bli prioriterte. Formålet er at det skal produserast fleire filmar innanfor budsjetttramma for marknadsvurdert film.

Hovudmålet for barn og unge på filmområ-

det er å sikre barn og unge tilgang til audiovisuelle produksjonar av høg kvalitet basert på norsk innhald og språk. Dette skal blant anna oppnåast ved at det blir produsert gjennomsnittleg fem langfilmar for barn og unge årleg. 2013 var eit godt kinoår for barn og unge med seks premierar på norske barne- og ungdomsfilmar. Dei siste fem åra har 33 norske filmar for barn- og unge hatt premiere. Dette gir eit snitt på 6,6 filmar for barn og unge i året.

Fire kinodokumentarar hadde premiere i 2013. Tre av filmene vart produserte med førehandsstøtte frå NFI – *Gulabi Gang*, *Optimistene* og *Søsken til evig tid* – mens *Supervention* vart produsert utan førehandsstøtte. Til saman har 19 norske kinodokumentarar hatt premiere dei siste fem åra, noko som gir eit snitt på 3,8 filmar per år.

FORDELING AV FONDSMIDLAR I 2013

Målet om styrkt produksjon skal blant anna nåast gjennom effektive og målretta tilskottsordningar. I 2013 vart det løyvd totalt 444,5 millionar kroner over NFIs tilskottsordningar. 226,7 millionar kroner var tilskott til produksjon, 61,8 millionar kroner var utviklingsmidlar, 34,6 millionar kroner var midlar til lansering i Noreg, 9,2 millionar kroner var tilskott til lansering i utlandet, og 112,2 millionar kroner var etterhandstilskott. Tabell 3 viser korleis midlane fordelte seg på format (kinofilm, dokumentar, kortfilm, tv-seriar og interaktive produksjonar) og type tilskott (utvikling, produksjon, etterhandstilskott, lansering).

TABELL 3: Fordeling av fondsmidlar 2013

| | Utvikling | Produksjon | Lansering Noreg | Lansering utland | Etterhandstilskott | Totalt |
|---------------------------------|------------|-------------|-----------------|------------------|--------------------|-------------|
| Kinofilm kunstnarleg vurdering* | 16 660 625 | 62 471 000 | 21 233 682 | 4 062 493 | 72 158 521 | 176 586 321 |
| Nye veier til lange filmer | 3 838 515 | 5 923 985 | - | 685 900 | 1 025 000 | 11 473 400 |
| Kinofilm marknadsvurdering | - | 51 800 000 | 4 173 364 | 1 018 428 | 30 299 656 | 87 291 448 |
| Kinodokumentar | 1 050 000 | 250 000 | 1 366 595 | 90 500 | 3 226 075 | 5 983 170 |
| Minoritetssamproduksjonar | - | 12 185 000 | 600 000 | 4 260 | 380 000 | 13 169 260 |
| Kinofilm utan førehandstilskott | - | - | 4 856 000 | - | 5 093 640 | 9 949 640 |
| Kortfilm | 460 000 | 19 295 000 | - | 440 533 | - | 20 195 533 |
| Nye veier til korte filmer | - | 4 890 360 | - | - | - | 4 890 360 |
| Dokumentar enkeltstående** | 11 663 245 | 21 220 000 | - | 1 809 451 | - | 34 692 696 |
| Nye veier til dokumentar | 814 828 | 3 936 672 | - | - | - | 4 751 500 |
| Dokumentarseriar*** | 500 000 | 3 444 000 | - | 126 960 | - | 4 070 960 |
| TV-seriar | 6 125 000 | 41 250 000 | - | 212 254 | - | 47 587 254 |
| Dataspel | 20 696 000 | - | 2 399 905 | 774 250 | - | 23 870 155 |
| Sum | 61 808 213 | 226 666 017 | 34 629 546 | 9 225 029 | 112 182 892 | 444 511 697 |

*Inkludert utløyst tilskott pakkefinansiering

** inkludert utløyst pakketilskott og minoritetssamproduksjonar

***inkludert utløyst pakketilskott

TABELL 4: Søknader og tilskott 2013 (tal)


| | Utviklingstilskott | | Produksjonstilskott | |
|----------------------------|--------------------|----------|---------------------|----------|
| | Søknader | Tilskott | Søknader | Tilskott |
| Kinofilm kunstnerisk* | 167 | 81 | 41 | 10 |
| Nye veier til lange filmer | 42 | 4 | 1 | 1 |
| Kinofilm marked | - | - | 19 | 4 |
| Kinodokumentar | 7 | 3 | 2 | 1 |
| Minoritetssamproduksjon | - | - | 26 | 6 |
| Kortfilm | 24 | 6 | 161 | 24 |
| Nye veier til korte filmer | 6 | - | 4 | 4 |
| Dokumentar enkeltstående** | 160 | 57 | 104 | 24 |
| Nye veier til dokumentar | 20 | 4 | 6 | 5 |
| Dokumentar serier*** | 3 | 2 | 7 | 5 |
| TV-serier | 18 | 13 | 10 | 8 |
| Dataspill | 121 | 31 | - | - |
| Sum | 568 | 201 | 381 | 92 |

*inkludert utløytt tilskott pakkefinansiering

** inkludert utløytt pakketilskott og minoritetssamproduksjonar

***inkludert utløytt pakketilskott

FIGUR 3: Fordeling av fondsmidlar på format i 2013



Tilskott til kinofilm utgjorde den største delen av det totale tilskottsbeløpet i 2013 med 68 prosent, mens tilskott til dataspel utgjorde den minste delen med fem prosent. Kortfilm, dokumentar og tv-drama utgjorde høvesvis seks, ti og elleve prosent av den totale tilskottspotten i 2013.

Tabell 5 viser korleis prioriteringa av dei ulike formata har endra seg frå 2009 til 2013. Mens den delen som går til kinofilm, går ned – frå 81 prosent av dei totale fondsmidlane i 2009 til 68 prosent av det totale tilskottsbeløpet i 2013 – har den delen som går til tv-drama og dataspel, auka – frå høvesvis fem og to prosent i 2009 til elleve og fem prosent i 2013. Også tilskottet til dokumentar har auka, frå seks prosent i 2009 til ti prosent i 2013. Den delen som har gått til kortfilm, har i løpet av heile femårsperioden lege stabilt på fem til seks prosent av den totale tilskottspotten.

TABELL 5: Prosentvis fordeling av fondsmidlar på format

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|------------|------|------|------|------|------|
| Kinofilm | 81 % | 79 % | 75 % | 74 % | 68 % |
| Kortfilm | 6 % | 6 % | 5 % | 5 % | 6 % |
| Dokumentar | 6 % | 7 % | 10 % | 9 % | 10 % |
| Tv-drama | 5 % | 5 % | 7 % | 8 % | 11 % |
| Dataspel | 2 % | 3 % | 3 % | 4 % | 5 % |

PRODUKSJONSTILSKOTT TIL KINOFILM

Det vart i 2013 gitt tilskott til produksjon av 16 kinofilmar. Fire av filmene fekk tilskott over marknadsordninga, elleve etter kunstnarleg vurdering (inkludert eitt tilskott gjennom Nye vegar til lange filmer), og éin av filmene er ein kinodokumentar. Tre av filmene som fekk støtte over marknadsordninga, er filmar for barn og unge. Dette er *Kaptein Sabeltann* og *skatten i Lama Rama*, *Knutsen & Ludvigsen* og *den fæle Rasputin* og *Solan* og *Ludvig – Herfra til Flåklypa*. Den fjerde filmen som fekk støtte over marknadsordninga i 2013, var *Birkebeinerne*, som blir produsert av Paradox rettigheter og med Nils Gaup som regissør. Handlinga i filmen er lagt til året 1206. Noreg blir herja av borgarkrig, og mens kongen er døyande, blir den uekte son hans fødd i djup

Reidar Spigset, Dagsavisen 5. januar 2013 om Halvbroren:

«Halvbroren» er morsomt, levende og gripende drama. Endelig en norsk dramaserie som faktisk fortjener å bli vist i beste sendetid. «Halvbroren» viser at det går an å lage bra TV av bestselgende, prisbelønt episk litteratur. Før morgendagens premiere har det vært sagt mye om hvor lekkert denne storserien framstår. Heldigvis byr «Halvbroren» på flere kvaliteter enn bare imponerende kulisser. TV-versjonen av Lars Saabye Christensens store roman klarer faktisk å bringe liv til den mektige historien om Barnum Nilsen. Og serien griper i den grad at noen episoder får en til å glemme tid og sted, så man blir overrasket når rulleteksten dukker opp. Kan noen si å ha opplevd det med en norsk dramaserie før?

løyndom. Ein gut som halve kongeriket vil drepe og to menn vil beskytte til døden.

Det vart òg gitt produksjonstilskott til tre barne- og ungdomsfilmar etter kunstnarleg vurdering. Dette var *Karsten og Petra på vinterferie*, *Kule Kidz gråter ikke* og *Operasjon Arktis*. *Operasjon Arktis* blir produsert av Filmkameratene og regissør Grethe Bøe. *Operasjon Arktis* blir ein spenningsfilm med barn og familie som målgruppe basert på Leif Hamres roman frå 1985. I *Operasjon Arktis* møter vi tre urbane barn som må lære å overleve åleine på ei aud øy, idet den arktiske vinteren herjar rundt dei. Dei er hamna der ved ein skjebnesvanger feil. Heime i Noreg leitar foreldra og leitemannskap etter barna, heilt uvitande om at dei er hundrevis av mil nordover.

PRODUKSJONSTILSKOTT TIL DOKUMENTAR

I 2013 vart det gitt produksjonstilskott til 29 dokumentarfilmar, og fem av prosjekta fekk støtte gjennom ordninga Nye vegar til dokumentar. Blant temaa som blir behandla i dokumentarane, er pels, propaganda, krigståke, valdtekt, asyl, minnetap og livets store spørsmål.

Det vart gitt produksjonstilskott til fem dokumentarseriar for tv. Blant dokumentarseriane som har fått tilskott, er *Alliert og alene*, som blir produsert av Ekkofilm med Stian Trovik som regissør. *Alliert og alene* er ein dokumentarserie i tre delar som handlar om invasjonen av Noreg i 1940. Historia om korleis England og Frankrike svikta Noreg under invasjonen i 1940, er ein del av krigshistoria som ikkje alle kjenner til.

PRODUKSJONSTILSKOTT TIL KORTFILM

Det vart gitt produksjonstilskott til 29 kortfilmar i 2013, inkludert fem filmar over ordninga Nye vegar til korte filmar. Ein av kortfilmene som fekk støtte, er *Aurora Borealis*. Kortfilmen er regissert av Dino Murselovi, som vart uteksaminert ved Den norske filmskolen i Lillehammer i 2012. Historia er basert


på regissørens egne erfaringar og opplevingar da han som niåring kom til Tromsø som flyktning frå Bosnia. Møtet hans med Noreg, uvissa om faren som vart att i Bosnia, og ikkje minst nordlyset, er utgangspunkt for forteljinga.

– *Aurora Borealis* har potensial til å bli ein varm og humoristisk film om eit alvorleg og universelt tema, uttalte kortfilmkonsulent i NFI Åse Meyer i samband med tildelinga: *Korleis er det å rømme frå krig og forlate ein av familiemedlemmene i heimlandet? Og korleis blir den første tida i eit framandt land opplevd?*

FORDELING AV FONDSMIDLAR PÅ TILSKOTTSTYPE

Figur 4 viser korleis fondsmidlane fordeler seg på dei ulike tilskottstypene i 2013. Produksjonstilskott utgjorde den største delen med 51 prosent av midlane, etterhandsstøtta utgjorde 25 prosent av det totale tilskottsbeløpet, mens utviklingstilskott og lanseringsstøtte Noreg og lanseringsstøtte utland utgjorde høvesvis 14, 8 og 2 prosent av dei totale tilskottsmidlane.

FIGUR 4: Fordeling av fondsmidler på tilskottstype 2013



Tabell 6 viser korleis prioriteringa av dei ulike tilskottstypene har endra seg frå 2009 til 2013. Mens den delen som går til produksjon, er fallande – frå 57 prosent i 2009 til 51 prosent i 2013 – har utviklingstilskottet lege stabilt på 10 prosent fram til 2012, før det i 2013 utgjør 14 prosent av midlane. Dette har blant anna


samanheng med at utviklingsstøtta til dataspel har auka med 53,5 prosent frå 2012 til 2013. Lanseringsstøtte (Noreg) har variert mellom seks og ti prosent i perioden og ligg på åtte prosent i 2013. Lanseringsstøtte til utlandet er ei relativt ny ordning og har utgjort ein til to prosent av fondsmidlane dei tre åra ordninga har eksistert.

TABELL 6: Prosentvis fordeling av fondsmidlar på tilskottstype

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|------------------|------|------|------|------|------|
| Produksjon | 57 % | 55 % | 50 % | 54 % | 51 % |
| Utvikling | 10 % | 9 % | 10 % | 10 % | 14 % |
| Lansering Noreg | 6 % | 9 % | 10 % | 7 % | 8 % |
| Lansering utland | | | 1 % | 2 % | 2 % |
| Etterhandsstøtte | 27 % | 27 % | 29 % | 24 % | 25 % |

Figur 5 viser utviklinga i dei ulike tilskottstypene i kroner. Forholdet mellom produksjonstilskott og etterhandstilskott er relativt stabilt gjennom heile perioden, med unntak for 2011. Dette året var det eit spesielt høgt tal på premiefilmar, noko som gjorde at ein større del av fondsmidlane gjekk til utbetaling av etterhandstilskott og ein mindre del gjekk til produksjon av nye filmar dette året. Éi av årsakene til det høge talet på premiefilmar i 2011 var omlegginga av billettstøtta/etterhandstilskottet i 2010 som gjorde at fleire var villige til å produsere kinofilm utan førehandstilskott frå NFI.

FIGUR 5: Fordeling av fondsmidlar på tilskottstype i kroner



For ein nærare omtale av lanseringsstøtte i Noreg, lanseringsstøtte i utlandet og produksjonstilskott til kinofilm med norsk minoritetsprodusent, sjå *Solid publikumsoppslutning*.

PAKKEFINANSIERING SOM VERKEMIDDEL

Eit av dei filmpolitiske måla er eit sterkt produksjonsmiljø med auka talentutvikling, profesjonalitet og kontinuitet i alle delar av produksjonen. Eit av verkemidla for å leggje til rette for dette er ordninga med pakkefinansiering. Formålet med ordninga er å styrkje produksjonsselskapas evne til langsiktige kunstnarleg satsing på utvikling og produksjon av filmprosjekt. Ordninga skal òg bidra til langsiktig samarbeid mellom produksjonsselskap og filmskaparar.

I pakkefinansieringsordninga for utvikling av kinofilm og dokumentar blir tilskott tildelt produksjonsselskapet gjennom ein rammekontrakt. Rammekontrakten er ikkje bunden til eit spesielt prosjekt, men er ein totalsum som kan fordelast mellom ulike prosjekt. Når rammekontrakten er innvilga, kan produksjonsselskapet søkje om å utløyse tilskott til eitt eller fleire ulike prosjekt.

I 2013 vart det tildelt fem utviklingspakkar til kinofilm på til saman 3,5 millionar kroner og fem utviklingspakkar til dokumentar på til saman 4,2 millionar kroner. Det vart ikkje utlyst nye produksjonspakkar til kinofilm i 2013.

KONTINUITET I BRANSJEN

Korleis produksjonstilskotta som NFI forvaltar, fordeler seg på ulike produksjonsselskap, seier noko om kontinuiteten i bransjen og kor sterke produksjonsmiljøa er. Dei siste tre åra frå 2011 til 2013 er det gitt 45 produksjonstilskott til kinofilm (eks. kinodokumentar og minoritetssamproduksjonar). Desse tilskotta fordelte seg på 18 forskjellige pro-

duksjonsselskap. Blant desse er det åtte selskap som har fått produksjonstilskott til eitt prosjekt i løpet av dei tre åra, mens ti selskap har fått tilskott til mellom to og sju prosjekt. At produksjonane fordeler seg rundt nokre selskap, tyder på at produksjonsmiljøa blir tydelegare og sterkare.

Figur 6 viser korleis produksjonstilskotta frå NFI til kinofilm fordeler seg på ulike produksjonsselskap i åra 2011 til 2013.

FIGUR 6: Fordeling av produksjonstilskott på produksjonsselskap 2011–2013

| | |
|--------------------|---|
| Maipo FILM AS | 7 |
| Motlys | 6 |
| 4 1/2 fiksjon AS | 4 |
| Paradox | 4 |
| Mer film | 4 |
| Fantefilm Fiksjon | 3 |
| Cinenord Kidstory | 3 |
| Filmkameratene | 2 |
| Friland Produksjon | 2 |
| BulBul film | 2 |
| Moskus Film | 1 |
| Neofilm | 1 |
| Filmbin | 1 |
| Storm Rosenberg | 1 |
| Storm Films AS | 1 |
| Tordenfilm AS | 1 |
| Viafilm AS | 1 |
| Ape&Bjørn | 1 |

BulBul film er oppført med to produksjonstilskott, ettersom selskapet har fått produksjonstilskott til filmen *1001 gram* i både 2012 og 2013.

BUDSJETT I KINOFILMAR MED PRODUKSJONSTILSKOTT I 2013

I 2013 vart det tildelt totalt 120 millionar kro-

ner i førehandstilskott til produksjon av 15 norske kinofilmar (eks. kinodokumentarar og minoritetssamproduksjonar). Vi har sett bort frå éin av filmene, ettersom det ikkje ligg føre ein fullstendig finansieringsplan for denne filmen. Dei aktuelle filmene har fått totalt 133,4 millionar kroner i tilskott frå NFI når vi inkluderer tilskott til manusutvikling, VIP-stipend og utviklings- og produksjonstilskott. Totalt budsjett for desse filmene er 340 millionar kroner. Snittbudsjett for kinofilmar som fekk produksjonstilskott frå NFI i 2013, var såleis 24,3 millionar kroner, som er noko høgare enn i 2012, da snittbudsjettet var på 21 millionar kroner. For dei fire filmene med støtte over marknadsordninga var produksjonsbudsjettet i snitt 36,4 millionar kroner, mens snittet for dei andre filmene var 19,1 millionar kroner.

Fire av filmene som fekk produksjonstilskott i 2013, er lågbudsjettfilmar (mellom 8 og 16,5 millionar kroner), fem filmar ligg rundt gjennomsnittet (mellom 21 og 25,5 millionar kroner), og fem filmar er høgbudsjettfilmar (26 og 44,5 millionar kroner). Det er verdt å merke seg at den endelege finansieringa av filmene òg vil inkludere etterhandstilskott frå NFI for dei filmene som har rett til det.


FINANSIERINGA AV PREMIEREFILMAR

Eit uttrykt mål i norsk filmpolitikk er å styrkje eigenkapitalen i norsk filmproduksjon. Eigenkapitalen som blir investert i norsk filmproduksjon, utgjer eit mål på risikoviljen i bransjen og trua investorane har på økonomisk avkastning frå filmproduksjon.


Figur 7 viser korleis totalbudsjettet for dei 24 kinofilmene som hadde premiere i 2013, fordeler seg på eigenkapital, støtte frå NFI (førehandstilskott, lanseringstilskott og etterhandstilskott per februar 2014), overnasjonal støtte og anna offentleg støtte.



Lars Saabye Christensens roman *Halvbroren* frå 2001 var utgangspunktet for NRKs store TV-drama suksess i 2013, som er produsert av Monster Film AS. *Halvbroren*, som vart send på NRK våren 2013, hadde i snitt over ein million sjåarar, fekk jamt over gode meldingar og har motteke prisar både nasjonalt og internasjonalt.




FIGUR 7: Finansiering av premierefilmer 2013 i prosent



Per februar 2014 utgjør offentlig tilskott til premierefilmene frå 2013 66 prosent av totalbudsjettet til filmene, og 60 prosent av dette er tilskott frå NFI. Kinofilmar som oppnår minst 10 000 besøkjande og har fått innvilga etterhandilstilskott, kan potensielt hente ut midlar tre år fram i tid frå premieredatoen. Figur 7 viser slik ikkje den endelege fordelinga mellom offentlig tilskott og eigenkapital. Den offentlege delen av budsjettet for 2013-filmene kan i teorien ende på 73,4 prosent. Men det er ikkje sannsynleg at alle premierefilmene vil oppnå fullt etterhandilstilskott.

Figur 8 viser korleis totalbudsjettet til filmene er fordelt i kroner for kvart av åra 2011 til 2013.

FIGUR 8: Totalbudsjett for premierefilmer 2011–2013 i kroner




2011 var eit avvikande år med heile 33 premierefilm, og om lag halvparten av filmene vart laga

utan produksjonstilskott frå NFI. Desse filmene stod for cirka 48 prosent av eigenkapitalen i premierefilmene dette året. Også i 2012 var det mange filmar utan førehandstilskott. I tillegg var det særleg éin film med spesielt høg eigenkapital, *Kon-Tiki*, noko som er med på å forklare nedgangen i eigenkapital frå 2012 til 2013. Som vi ser, varierer forholdet mellom offentlig støtte og eigenkapital frå år til år og er avhengig av korleis premierefilmene er sette saman det enkelte året. Vi kan derfor ikkje lese nokon klar tendens i utviklinga i finansieringa av norsk filmproduksjon i perioden 2011 til 2013.

Figur 9 viser korleis totalbudsjettet til alle dei norske kinofilmene med premiere i 2011 til 2013 fordeler seg på eigenkapital, støtte frå NFI (førehandstilskott og etterhandstilskott per februar 2014), overnasjonal støtte og anna offentlig støtte.

FIGUR 9: Totalbudsjett norske premierefilmer 2011–2013 i prosent



Figuren viser at for premierefilmene frå dei siste tre åra utgjør eigenkapital 37 prosent, mens støtte frå NFI utgjør 55 prosent av totalbudsjettet til filmene. I tillegg kjem overnasjonal støtte og anna offentlig støtte som til saman utgjør 8 prosent av budsjettet. Merk at prosentdelen støtte frå NFI kan vekse noko, ettersom fleire av filmene potensielt kan hente ut ein større del etterhandstilskott.

ANDRE TILSKOTTSDORDNINGAR

I tillegg til fondsmidlane forvaltar NFI også andre tilskottsordningar: Sørfond, tilskott til manuskriptutvikling, VIP-stipend, stipend til kurs i utlandet og filmrekrutteringsstipend. NFI forvaltar også statsbudsjettets post 78 *Filmkulturelle tiltak*. Tabell 7 viser utviklinga i dei ulike tilskottsordningane frå 2011 til 2013.

TABELL 7: Andre tilskottsordningar

| Tilskottsordning | 2011 | | 2012 | | 2013 | |
|-------------------------------|------|-----------|------|-----------|------|-----------|
| | Tal | Tilskott | Tal | Tilskott | Tal | Tilskott |
| Sørfond | | | 7 | 4 000 000 | 6 | 3 000 000 |
| Manuskriptutvikling* | 71 | 6 530 000 | 61 | 5 989 000 | 43 | 4 920 000 |
| VIP-stipend | 7 | 1 400 000 | 8 | 1 600 000 | 7 | 1 400 000 |
| Stipend til kurs i utlandet | 135 | 993 926 | 135 | 1 280 289 | 152 | 1 267 850 |
| Filmrekrutteringsstipend | 4 | 200 000 | 4 | 200 000 | 2 | 100 000 |
| Filmkulturelle tiltak Post 78 | 27 | 2 680 000 | 27 | 2 689 290 | 30 | 2 729 728 |

*tal = prosjekt i ordninga

MANUSKRIPTUTVIKLING

Formålet med ordninga er å stimulere til utvikling av manuskript av høg kunstnarleg og profesjonell kvalitet. Ordninga skal bidra til kontinuitet og produktivitet i manuskriptarbeidet og sikre eit breitt og mangfaldig repertoargrunnlag for alle målgrupper. Ordninga kan gi tilskott til alle typar langfilmmanus, både fiksjon og dokumentar, tv-drama og interaktive produksjonar (dataspel). Ordninga rettar seg mot forfattarar som ikkje har inngått forpliktande samarbeid med ein produsent. Det kan bli gitt tilskott gjennom heile utviklingsprosessen fram mot eit revidert førsteutkast av manuskriptet.

I 2013 vart det gitt 4,9 millionar kroner i tilskott til manuskriptutvikling, fordelt på til saman 43 prosjekt. Blant prosjekta som var i ordninga i 2013, finn vi blant anna politisk tv-

drama, psykologiske thrillerar, dokumentarar, sci-fi-historier, kjærleiksdramatikk og barne- og familiefilmar. I 2011 og 2012 var det høvesvis 71 og 61 prosjekt i ordninga med manuskriptutvikling. Den samla tildelinga til manuskriptutvikling har vore stabil dei siste åra, men i 2013 vart ikkje alle dei disponible midlane formelt tildelte før årsskiftet.

SØRFOND

Sørfond er eit fond som gir tilskott til produksjon av film i utviklingsland. Formålet med tilskott frå Sørfond er å få produsert filmar i utviklingsland der slik produksjon er vanskeleg av politiske eller økonomiske årsaker. Tilskottet blir gitt som toppfinansiering, der 50 prosent av finansieringa må vere stadfesta. Det er eit krav å ha norsk samprodusent i prosjektet.

I 2013 vart det gitt seks tilskott på til saman tre millionar kroner.

VIP-STIPEND

VIP-stipend er ein del av NFIs talentprogram. Talentprogrammet er bygd opp rundt regissørar for å stimulere til kunstnarleg fordjuping og utvikling. Talent blir i denne samanhengen forstått som givnad, og talentutvikling som utvikling av enkeltpersonars kunstnarlege givnad og faglege kompetanse. VIP-stipend skal blant anna gi etablerte regissørar meir tid til fordjuping og forskning, meir rom for eksperimentering når det gjeld form og innhald, og dessutan research og eigenutvikling knytt til eit prosjekt som dei ønskjer å realisere. Stipenda skal òg stimulere til høgare kvalitet for norsk film gjennom å styrkje utviklings- og forarbeidsfasen for utvalde regissørar, bidra til større kontinuitet for regissørar innanfor langfilm og gi regissørar sjansen til å kunne fordjupe seg i eigne prosjekt før dei innleier eit forpliktande samarbeid med ein produsent. VIP-stipend er

øg eit tiltak for å oppnå målet om likestilling i filmbransjen.

Det vart i 2013 tildelt sju VIP-stipend på 200 000 kroner kvar. Regissørane som fekk VIP-stipend i 2013, var Dag Johan Haugerud, Thale Persen, Hisham Zaman, Eva Sørhaug, Arild Østin Ommundsen, Iram Haq og Rune Denstad Langlo. Thale Persen regisserte NRKs populære julekalenderserie *Julekongen* frå 2012, med manus av Harald Rosenløw Eeg og Lars Gudmestad. Ho har laga fleire dramaseriar og dokumentarar. Blant dei er dokumentaren *A1 – for alltid*, som vart nominert til Amanda for beste barne- og ungdomsfilm i 2002, og dokumentarserien *Avd: Barn*, som var nominert til Gullruten i 2006.

STIPEND TIL KURS I UTLANDET

Enkeltpersonar kan søkje om tilskott til kurs, reiser og opphald knytte til fagleg utvikling, medrekna kurs knytte til tilskottsordningar under MEDIA-programmet, til kurs og seminar ved utdanningsinstitusjonar på etter- og vidareutdanningsnivå (så sant NFI ikkje har tilsvarende tilbod), og dessutan ved finansieringsforum.

Formålet med ordninga er å bidra til eit pro-

fesjonelt og sterkt miljø for audiovisuell produksjon i Noreg gjennom talent- og kompetanseutvikling av profesjonelle norske filmarbeidarar og filmkunstnarar.

I 2013 vart det tildelt 152 stipend til kurs i utlandet på til saman 1,3 millionar kroner.

FILMREKRUTTERINGSSTIPEND

Enkeltpersonar kan søkje om eit filmrekrutteringsstipend på inntil 50 000 kroner som skal gjere det mogleg å få ei fagleg og kunstnarleg utvikling gjennom å hospitere på ein langfilmproduksjon innanfor eige fag. Ein hospiteringsperiode blir normalt rekna som ca. 50 dagar, inkludert for- og etterarbeid. Formålet med tilskottsordninga er å bidra til talentutvikling og integrering av kvalifiserte fagarbeidarar i den profesjonelle audiovisuelle bransjen.

Det vart i 2013 tildelt to filmrekrutteringsstipend, til regissør Marianne Olsen Ulrichsen og produsent Gunhild Oddsen.

FILMKULTURELLE TILTAK

For omtale av støtte til filmkulturelle tiltak, sjå *Filmkultur til alle*.

Vince Mancini, Fantastic Fest 2013 25.september 2013 om Detektiv Downs:

-I heard about a Norwegian film about a detective with Down Syndrome called "Detective Downs," needless to say, I was intrigued... Detective Downs, from director Bård Breien, is actually just a straight-up noir comedy that happens to have a guy with Down Syndrome in the lead... At its best, there's an irresistible dance sequence that I'd rate right up there with Joseph Gordon-Levitt's famous number with cartoon birds set to Hall and Oates in 500 Days of Summer.

SOLID PUBLIKUMSOPPSLUTNING

2,7 millionar såg norske filmar på kino i 2013! Det er det nest beste besøket på norske kinofilmar i nyare tid. Ein ny Flåklypa-film og Oscar-nominasjon til Kon-Tiki var blant årets høgdepunkt for mange.

PRIORITERTE OMRÅDE OG SÆRSKILDE UTFORDRINGAR 2013


I tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet er Norsk filminstitutt bedt om å prioritere internasjonalisering og samproduksjon:

Kulturløftet II slår fast at norsk film skal hevde seg internasjonalt. NFI skal i 2013 ha fokus på internasjonalisering for å nå målet om at norsk film skal hevde seg internasjonalt og oppnå internasjonale priser. Kontakt og samarbeid med det internasjonale filmsamfunnet kan bidra til at norske produksjoner når et større publikum utenfor Norge og samtidig styrke de kunstneriske og økonomiske forutsetningene for utviklingen av norske filmer, dokumentarer, fjernsynsdrama og dataspill.

Samproduksjon er et virkemiddel for å heve bransjens kompetanse, øke utvekslingen av kunstnerisk talent og gjennom dette øke kvaliteten på norske filmer generelt. NFI skal bidra til at publikum får møte norske audiovisuelle uttrykk på de plattformene som er relevante.

NORSKE PRODUKSJONAR PÅ INTERNASJONALT NIVÅ

I 2013 vekte norske filmar stor interesse internasjonalt. Norsk kinofilm blir nominert til Oscar for beste ikkje-engelskspråklige film med *Kon-Tiki*. Regissørane Joachim Rønning og Espen Sandberg blir utpeikt av Variety som to av *Ten Directors to Watch*. 2013 er også året da norske filmar for første gong i historia blir nominerte og deltek på prisutdelingane Golden Globe (*Kon-Tiki*), BAFTA (*Hodejegerne*) og César (*Oslo, 31. august*) for beste utanlandske filmar i høvesvis USA, England og Frankrike. Med eit besøk på over 160 000 franske kinogjengarar vart *Oslo, 31. august* sett av fleire på kino i Frankrike enn i Noreg. Hisham Zamans debutfilm *Før snøen faller* vann millionprisen for beste nordiske film i Gøteborg, og det vart klart at Noreg har ein Shooting Star i skodespelaren Jakob Oftebro. Han er ein av ti lovande europeiske skodespelarar som blir presenterte for internasjonal filmbransje og presse under filmfestivalen i Berlin i februar 2014.



Emmy Kids Awards vart for fyrste gong tildelt i 2013. Den norske dokumentarserien *Energikampen* vann den prestisjetunge prisen. Formatet er utvikla og produsert av produksjonsselskapet Fabelaktiv med hovudkontor i Hamar for NRK. I programmet konkurrerer 11-åringar mot kvarandre ute i naturen i teoretiske og praktiske oppgåver som handlar om energi og miljø.





Ronnie Scheib, Variety, 16. september 2013 om Tusen ganger god natt:

A Norwegian-made, English-language film set in Ireland, Kenya and Afghanistan, and starring French luminary Juliette Binoche, would seem to wear its internationalism on its sleeve... The absence of subtitles and the presence of Binoche should open global arthouse doors for this Montreal fest grand prizewinner.

Interessa for norsk film i utlandet er sterkt aukande. Nominasjonar til internasjonale prisar som Golden Globe, Oscar og César heng høgt og er viktige. Førespurnader frå utanlandske festivalar blir stadig fleire, og norske filmar både vekker oppsikt og sel godt på internasjonale marknader. Kvalitetsmessig var 2013 eit godt år for norske filmar i utlandet, målt i prestisjetunge utmerkingar og festivalutveljing til filmar, filmskaparar og skodespelarar. Ein verknad av internasjonaliseringa av norsk film er at stadig fleire norske skodespelarar, regissørar og andre som er knytte til filmfagleg arbeid, blir etterspurde i internasjonale filmproduksjonar. Dette er resultatet av eit langsiktig arbeid med å byggje merkevara norsk film og Noreg som filmnasjon ute i verda.

Norsk tv-drama har òg late seg merke i utlandet i 2013. Tv-serien *Stikk!* vart nominert til Emmy Kids Award. *Halvbroren* vann Golden FIPA på Biarritz International Festival of Audiovisual Programming for beste mannlege og kvinnelege skodespelar, i tillegg til Silver Bird Prize på den prestisjetunge Seoul Drama Awards i Sør-Korea. Serien har òg vore nominert til Prix Europa og er seld til ei rekke land. Også norske spel har for alvor teke steget ut på den internasjonale marknaden i 2013 (sjå *Styrkt produksjon* for nærare omtale).

INTERNASJONAL STRATEGI

NFI implementerte i 2013 ein internasjonal strategi for verksemdas arbeid i utlandet fram til 2016. Ei målsetjing er å bidra til å styrkje internasjonaliseringa av filmbransjen gjennom ei koordinert satsing på internasjonale samarbeid og nettverk, kurs og samproduksjonar. Audiovisuelle produksjonar som er vurderte til å ha eit internasjonalt potensial, skal løftast fram av NFI på relevante og

anerkjende arenaer, uavhengig av format. Møteplassar for utveksling av erfaring og kunnskap i utlandet er ein avgjerande del av arbeidet med internasjonalisering. NFI har vore delaktig i gjennomføringa av sju prioriterte nettverk og arrangement, som partner i Production Value, co-produksjonsmarknaden i Berlin, Twelve for the Future og CineKid i Amsterdam. I tillegg er NFI bidragsytar til Young Producers Club og Producer on the Move i Cannes, Nordic Game i Malmø og Nordic Film Lab.

I NFIs strategi for internasjonalt arbeid blir det definert eit utval samarbeidsland som NFI har særleg merksemd retta mot. Desse fokuslanda kan tilføre norsk filmbransje og norske audiovisuelle produksjonar kompetanse, ein utvida marknad og/eller samproduksjonsmidlar. Dei primære fokuslanda har vist stor interesse for samarbeid og er Sverige, Danmark, Tyskland, Frankrike og Nederland. Samarbeidet omfattar blant anna tiltak om gjensidig kontakt på institusjonsnivå, tiltak for å stimulere og underbyggje dei individuelle aktørane i bransjen på definerte område, deltaking på festivalar og salsmarknader, og dessutan filmkulturell utveksling.

Eit resultat av strategien er at NFI inngjekk ein bilateral avtale med det nederlandske filmfondet i 2013. Avtalen gjeld co-produksjon av dokumentarfilm og skal bidra til å få eit breiare samarbeid mellom Noreg og Nederland på filmområdet generelt og innan dokumentarfilm spesielt. NFIs mål med avtalen er at norsk dokumentarfilmbransje, norske prosjekt og norske talent skal styrkje sin internasjonale kompetanse og få eit større gjennomslag på den europeiske marknaden.

NFI representerer kontinuitet og har eit overblikk og ei heilskapsforståing som er nødvendig for å fremme norske audiovisuelle produksjo-

nar utover landets grenser. På vegner av norsk filmbransje er NFI til stades på alle prioriterte festivalar og salsmarknader, både i eigen regi og under festivalparaplyen til dei nordiske film-institutta, Scandinavian Films.

INTERNASJONALE FESTIVALAR OG PRISAR

Norske kort- og langfilmar, dokumentarfilmar og fjernsynsdrama skal konkurrere om viktige internasjonale prisar. Resultatet av arbeidet med festivalar blir målt dels i kor mange prisar norsk film får på dei viktigaste festivalane, og dels i kor mange filmtitlar som deltek og blir viste. Talet på prisar er i tillegg eit resultatmål for arbeidet med kvalitet.

Talet på internasjonale prisar til kinofilmar har halde seg stabilt med ein liten nedgang frå 32 prisar i 2012 til 29 prisar i 2013. Det er viktig å presisere at nominasjonane til Golden Globe, Oscar, BAFTA og Cesár ikkje er med i dette talet. Kinofilmane som har motteke mest merksemd på internasjonale filmfestivalar i 2013, er langfilmdebuten til regissør Hisham Zaman *Før snøen faller*, som har vunne heile ni prisar og delteke i konkurranse på 27 filmfestivalar verda over. *Kon-Tiki* har delteke på 21 festivalar, delteke i ein konkurranse og vunne ein pris.

Hausten 2013 starta med verdspremieren på Erik Poppes *Tusen ganger god natt* i hovudkonkurransen i Montreal og Special Grand Prix of the Jury. *Pionér* fekk prisen for beste foto i Chicago, mens *Elsk meg* og *Før snøen faller* vann kvar sin pris i Abu Dhabi. Ved den nordiske filmfestivalen i Lübeck vann *Jeg er din* hovudprisen, mens *De tøffeste gutta* vart kåra som vinnar av barnefilmjuryen og *Jag etter vind* fekk heiderleg omtale frå den økumeniske juryen. Blant prestasjonar det er verdt å framheve, vil NFI peike på følgjande kinofilmar:

- Dragon Award (hovedpris) Best Nordic Film til *Før snøen faller*, Göteborg International Film Festival
- Best Cinematography in a Narrative Feature Film til *Før snøen faller*, Tribeca Film Festival
- Special Grand Prix of the Jury til *Tusen ganger god natt*, Montreal World Film Festival
- Founders Award *Tusen ganger god natt*, Chicago International Film Festival
- Silver Hugo for Best Cinematography til *Pionér*, Chicago International Film Festival
- NDR Prize (hovedpris) til *Jeg er din*, Nordic Film Days Lübeck
- Best Film from the Arab World (hovedpris) til *Før snøen faller*, Abu Dhabi Film Festival
- Best Actor til *Elsk meg*, Abu Dhabi Film Festival
- Prize of the Children's Jury til *De tøffeste gutta*, Nordic Film Days Lübeck

I 2013 vart det vist 62 forskjellige norske spelefilmar på filmfestivalar i 50 land, samanlikna med 52 titlar i 45 land i 2012. Noreg hadde flest nordiske filmar ved filmfestivalen i Toronto med *Jeg er din*, *Pionér* og *De umoralske*. Heile fire filmar vart inviterte til London Film Festival, og Eva Sørhaugs *90 minutter* vart vist ved den anerkjende filmfestivalen i Rotterdam. Totalt 240 avtalar om visingar av norske spelefilmar vart inngått for filmane fordelte på 128 filmfestivalar og filmveker verda over.

TABELL 8: Tal på prisar og deltaking ved internasjonale festivalar – kinofilm 2009–2013

| Prisar og deltaking festivalar utland – kinofilm | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---|------|------|------|------|------|
| Prisar | 46 | 36 | 49 | 32 | 29 |
| Norske titlar i konkurranse | n/a | n/a | 24 | 24 | 20 |
| Titlar (tal på forskjellige filmar delteke på festivala) | 62 | 68 | 67 | 52 | 62 |
| Festivalar/filmveker (med titlar i konkurranse eller program) | 145 | 167 | 187 | 157 | 128 |
| Deltaking eller framvising (inkl. visingar av same tittel) | 285 | 381 | 383 | 256 | 240 |
| Land (der norske filmar har vorte viste på filmfestivalar) | 48 | 50 | 52 | 45 | 50 |

Det er ikkje eit mål i seg sjølv å ha norske filmar på så mange festivalar som mogleg i så mange land som mogleg, men å vere til stades på dei filmfestivalane som kan vere viktige for den enkelte filmen, og som kan bidra til å byggje merkevara norsk film. For å kunne gjere eit betre lanseringsarbeid jobbar NFI med å programmere og promotere filmene som er vurderte til å ha eit internasjonalt potensial, på prioriterte festivalar. Desse festivalane er klassifiserte av den internasjonale organisasjonen for filmprodusentar, FIAPF. Etter ein verdspremiere er det ei målsetjing at filmen blir seld, og at lokale distributørar kan bruke ei deltaking på ein filmfestival som ei lanseringsplattform.

Etterspurnaden etter norske filmar frå prioriterte festivalar er stor. NFI har eit langvarig og godt samarbeid med dei viktigaste filmfestivalane i Cannes, Berlin, Toronto, Montreal, Venezia, Sundance, Karlovy Vary, San Sebastian og Annecy. Det er likevel utfordrande å oppnå målet om at norske filmar skal bli inviterte til å konkurrere på verdas største festivalar. Dei høgast prioriterte festivalane er så selektive i utvalet sitt at norsk film berre unntaksvis når opp til hovudkonkurransen ved festivalane. Valet av filmar til offisielle visingsprogram på prestisjefylte festivalar og nominasjonar til renommerte filmprisar har ein generell merksemds- og omdømmebyggjande effekt. Dette gjeld både for den enkelte filmen og filmskaperen og generelt for den nasjonale filmproduksjonen.

KORTFILM, DOKUMENTARFILM OG TV-DRAMA

Norske kortfilmhar har i 2013 vorte viste ved 293 store og små filmfestivalar over heile verda og har vunne 30 prisar (32 i 2012). Dei viktigaste prisane og festivaldelane var på

Chicago International Children's Film Festival (*Å vokte fjellet*, regi Izer Aliu; *Drømmen om kongeørnen*, regi Benjamin Ree), Giffoni Film Festival og Ottawa International Animation Film Festival (*But Milk Is Important*, regi Anna Mantzaris og Eirik Grønmo Bjørnsen). Prisane går til unge og talentfulle regissørar som speglar satsinga på talentutvikling (sjå *Styrkt produksjon og Kvalitet og mangfald*). Regiparet Mantzaris og Grønmo Bjørnsen er begge utdanna ved animasjonslinja på Høgskolen i Volda og vann heile sju internasjonale prisar for eksamensfilmen sin, deriblant The Walt Disney Award for Best Graduation Animation og Best Animated Short Elements 18+. Kortfilmen er ein dokkeanimasjon laga i stop-motion-teknikk. *But Milk Is Important* er den norske kortfilmen med høgast festivaldeltaking i 2013 og er vist på heile 16 internasjonale filmfestivalar verda over. Filmen vekker oppsikt for dei finurlege karakterane sine og det detaljerte handverket. I 2013 lét norsk kortfilm seg òg merke på den internasjonale kunstscenen. *Ung Løs Gris* (regi Lene Berg) er finansiert av NFI og var del av Norges offisielle representasjon ved den 55. kunstbiennalen i Venezia.

NFI samarbeider godt med viktige kortfilmfestivalar, som Clermont-Ferrand, Oberhausen, Hamburg, Bristol, Palm Springs og Aspen, i tillegg til dei største festivalane Cannes, Berlin, Venezia, Sundance og Annecy. Valet av filmar til offisielle konkurransar på prestisjefylte festivalar kan vere avgjerande for den enkelte kortfilmen og for den framtidige internasjonale karrieren til regissøren. Norske kortfilmhar vart selde til dei fleste land i Europa. Fjernsynskanalar i Frankrike, Tyskland, Spania og Italia har tradisjon for å vise kortfilm på fjernsyn.

NFI har sidan 2010 fokusert på å gi utviklings- og produksjonsstøtte til dokumen-

Rob Dickie, Edinburgh International Film Festival 2013, 27. juni 2013 om *Før sneen faller*:

Before Snowfall is a complex and superbly-written debut, a coming-of-age tale set against a background of austere cultural tradition... But what is most impressive is Zaman's dramatic restraint and detached approach, enabling him to explore a personal and highly-charged story through nuanced progression, without it ever becoming overwrought.

tarfilmer med internasjonale ambisjonar og potensial. Resultatet av dette ser vi i 2013. Norsk dokumentarfilm vart vist på 139 festivalar og vann 22 prisar. Blant dokumentarar som var særleg etterspurde frå festivalar i 2013, var *Nordfor sola*, *De andre* og *Liv & Ingmar*. *Nordfor sola* vart vist på meir enn 40 internasjonale filmfestivalar og vann ni internasjonale prisar i 2013.

To norske dokumentarar som ikkje er kino-film, vann prisar på The International Documentary Film Festival Amsterdam (IDFA) i 2013. IDFA blir rekna som verdas største og viktigaste dokumentarfilmfestival med over 200 000 besøkjande. I konkurranse med over 300 filmar valde publikum den norske *Tvillingsøstrene* som den beste filmen. Og den norske dokumentaren *Light Fly, Fly High* fekk prisen Oxfam Global Justice Award. I alt fire norske dokumentarar vart viste i konkurranse ved festivalen: *Tvillingsøstrene*, *Light Fly, Fly High*, *Olga* og transmedia-prosjektet *17.000 øyer*. Norsk dokumentarfilm er i ei veldig utvikling, og den sterke deltakinga på IDFA er med på å styrkje posisjonen til norsk dokumentarfilm internasjonalt.



I 2013 vart det for første gong utdelt Emmy Kids Awards, som er ein eigen internasjonal Emmy-pris for gode barneprogram. Av dei 24 nominerte programma var tre norskproduserte, og *Energikampen* (produsert av Fabelaktiv) vann den høgthengande prisen. Dei andre nominerte var *Lesekorpset* (produsert av NRK) og drama-serien *Stikk!* (produsert av Nordisk Film TV AS). Under prisutdelinga i New York i februar 2013 samarbeidde NFI med generalkonsulatet i New York, NRK, Nordisk Film TV AS og Fabelaktiv om ein større presentasjon for tv-selskap frå heile verda under den påfølgjande konferansen KidScreen Summit (sjå *Styrkt produksjon* for nærare omtale av tv-drama).

INTERNASJONAL LANSERINGSSTØTTE

NFI har i stadig større grad prioritert internasjonalt arbeid. For å auke merksemda rundt filmar som er inviterte til dei viktigaste filmfestivalane, vart det i 2010 etablert ei støtteordning for internasjonal lansering. I 2013 vart det løyvd eit samla tilskott til utanlandslansering på 9,2 millionar kroner, noko som er den største satsinga til no.

Tilskottsrammene har auka frå 2,3 millionar kroner i 2010 til 4,7 millionar i 2011 og 5,9 millionar i 2012 til 9,2 millionar i 2013. Det vil seie at tilskottet er firedobla over ein fireårsperiode. Tilskotta til lansering i utlandet blir i hovudsak løyvde til deltaking på festivalar og salsmarknader i samband med uttak til offisielle program, men det blir òg tildelt til generell deltaking på film- og salsmarknader. Etter NFIs vurdering er det ingen tvil om at lanseringsstøtte er ein sterk bidragsytar både til å gjere norsk film meir synleg og lettare å selje og til å trekke til seg attraktive internasjonale samprodusentar og internasjonal kapital frå private investorar, internasjonale og overnasjonale fond.

I 2013 vart det fordelt 33 tilskott til kino-filmar (inkludert kinodokumentar) til eit samla beløp på 5,9 millionar kroner. Til samanlikning vart det tildelt lanseringsstøtte i 2012 til eit samla beløp på 3,1 millionar kroner. Dokumentarfilm fekk tilskott til eit samla beløp på 1,9 millionar kroner, samanlikna med ca. 1,8 millionar kroner i 2012, mens norske kortfilmer fekk eit lanseringstilskott på i underkant av ein halv million kroner. Tabell 9 viser at auken i tilskott i hovudsak har gått til kinofilm og satsinga på dataspel internasjonalt.



Hisham Zaman er regissøren bak den store pris- og festivalvinnaren i 2013 *Før snøen faller*. Zaman er utdanna ved Den norske filmskolen på Lillehammer og fekk stor merksemd for den kritikarroste novellefilmen *Bawke* i 2005. Sidan har regissøren vunne eit stort tal prisar i inn- og utland.



TABELL 9: Tilskott til lansering utland fordelt på format

| Tilskott til lansering i utlandet | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|-----------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Kinofilm | 1 048 753 | 2 793 016 | 3 089 856 | 5 861 581 |
| Dokumentarfilm (ikkje for kino) | 646 530 | 457 614 | 559 370 | 983 406 |
| Pakke dokumentar (ikkje kinofilm) | n/a | 1 000 000 | 1 195 090 | 953 005 |
| Kortfilm | 599 927 | 345 835 | 572 261 | 440 533 |
| Tv-drama | 37 000 | 149 561 | 382 544 | 212 254 |
| Dataspel | n/a | n/a | 100 000 | 774 250 |
| Samla lansering i utlandet | 2 332 210 | 4 746 026 | 5 899 121 | 9 225 029 |

For ytterlegare å styrkje sjansane til norske filmar i den internasjonale marknaden vart det i 2013 innført ei tilskottsordning for lansering av kinofilm på marknader i utlandet. Formålet med ordninga er å stimulere og bidra til eit heilskapleg og langsiktig lanseringsarbeid på internasjonale salsmarknader.

NORSK FOKUS OG FILMVEKER

NFI har eit overordna ansvar for å gjere Noreg kjend som filmnasjon gjennom å gi eit internasjonalt publikum tilgang til norske filmar. NFI står fram som ein synleg og tydeleg pådrivar for norsk filmarv, filmkunst og filmkultur internasjonalt. Store og prioriterte filmfokus i 2013 var Norsk filmveke (Moskva), Norsk animasjonsfilmfokus (Kroatia), Norsk kortfilmfokus (Belgia), Nordisk fokus (Mexico), Nordisk fokus ved DokuFest (Kosovo), Nordic Cool (Washington) og Nordisk filmfokus (Marrakech). Filmfestivalen i Marrakech vigde stor merksemd til nordisk film gjennom å vise 47 utvalde filmar i programmet *Northern Lights – A Tribute to Scandinavian Cinema*. Formålet var å vise den arabiske verda det beste av nordisk film. *Tusen ganger god natt*, representert ved regissør Erik Poppe og Juliette Binoche, vart vist i ei gallaframsyning i forkant av *Northern Lights*-programmet. Andre

nordiske fokusarrangement har vorte haldne ved filmfestivalen i Wien og Roma, i tillegg til norsk filmveke i Pantella Pinamar i Argentina.

SAMPRODUKSJON FOR STYRKT FILMTILBOD OG AUKA KOMPETANSE

For å styrkje filmtilbodet i Noreg og samstundes auke sjansane for distribusjon av norske produksjonar internasjonalt har NFI lagt vekt på at norske prosjekt blir samproduserte med utlandet. *The Act of Killing* og *Nåde* var to av dei fem samproduserte premierefilmene med norsk minoritetsprodusent som prega inngangen til og utgangen av 2013. Dokumentaren *The Act of Killing* er Oscar-nominert i kategorien beste dokumentar og er ein stor internasjonal suksess. Kinodokumentaren er ein dansk-norsk samproduksjon og følgjer leiarane av dødsskvadronane i Indonesia som myrda over ein million menneske på 1960-talet. Joshua Oppenheimer har registrert ein nyskapande hybridfilm, som har motteke meir enn 20 internasjonale prisar, deriblant Berlinale Panorama Audience Award for Best Documentary 2013, Checkpoints Award – Bergen International Film Festival 2013 og Movies That Matter Award – ZagrebDox 2013. Den tysk-norske samproduksjonen *Nåde* (regi Matthias Glasner) er spelt inn i Hammerfest og vart teken ut til hovudkonkurransen ved filmfestivalen i Berlin. Manuset er skriva av den danske manusforfattaren Kim Fupz Aakeson, også kjend for manuset til filmar som *Kraftidioten* og *En ganske snill mann* (begge filmene er regisserte av Hans Petter Moland). Tilbodet til det norske publikummet blir styrkt gjennom at norske filmproduksjonar og filmbransjen får tilført internasjonal kompetanse, internasjonal finansiering og inntekter frå internasjonalt sal.

For å kunne trekke til seg internasjonale sam-

produksjonar med eit tydeleg publikumspotensial og eit høgt kunstnarleg nivå må eit samarbeid mellom norske minoritetsprodusentar og internasjonale majoritetsprodusentar stå fram som attraktivt. NFI prioriterer derfor større tilskott til færre prosjekt, ein strategi som òg vart følgd i 2012. Mens det i 2012 var 11 millionar kroner som vart fordelt på sju samproduksjonsprosjekt, vart det i 2013 fordelt 12,1 millionar kroner i produksjonstilskott i 2013 på fem prosjekt. Med to svenske, ein dansk, ein tysk og ein amerikansk samproduksjon med norske minoritetsprodusentar er alle samproduksjonsprosjekt med land som inngår i NFIs internasjonale strategi. Det vart òg gjeve tilskott til ein samproduksjon som er ein kinodokumentar.

Skammerens datter fekk produksjonstilskott i 2013 og er basert på ein av dei største danske bokutgivingane for barn dei siste ti åra. Det danske produksjonsselskapet Nepenthe Film er hovudprodusent, med norske Storm Films AS som minoritetsprodusent. Med eit totalbudsjett på i underkant av 56 millionar kroner utgjer den norske delen av totalbudsjettet ca. 15 prosent, og NFIs del er på ca. fem prosent (tre millionar kroner). *Skammerens datter* er eit godt eksempel på korleis offentlege midlar frå samproduserande land blir forvalta på ein slik måte at det skaper verdiar for både hovudprodusent og minoritetsprodusent. Samstundes som produksjonen er dansk, blir det sett eit norsk preg på filmen. Dei norske skodespelarane Maria Bonnevie og Jakob Oftebro har sentrale roller. Produksjonen av omfattande visuelle effektar er lagd til Noreg, og norsk fagkompetanse blir brukt gjennom blant anna script og VFX-supervisor. Eit anna eksempel på denne typen identitets-, fag-, og kompetanseutveksling finn vi i den norsk-amerikanske samproduksjonen *The Swimmer*, der 30 dagars opptak er lagde til Noreg, og

der heile staben med unntak av regissøren og fotografen er norske. I tillegg skal etterarbeidet gjerast i Noreg, og tre av fem roller skal spelast av norske skodespelarar.

FILMPOLITISK MÅL: SOLID PUBLIKUMSOPPSLUTNING


I St.meld. nr.22 (2006–2007) *Veiviseren*. For det norske filmloftet er målet om «Solid publikumsoppslutning» definert på følgjande måte:

- minst 3 millionar besøkjande på norske filmar, tilsvarande 25 prosent av kinomarknaden
- 15 prosent norsk del av dvd-marknaden og klikkefilmmarknaden
- eksport av norsk film og tv-drama dobla innan 2010

KINOBESØK MED DET NEST BESTE RESULTATET FOR NORSKE FILMAR I NYARE TID

Norske filmar fekk i 2013 det nest beste kinobesøket dei siste ti åra med 2,7 millionar besøkjande, som er ein auke på 24 prosent samanlikna med 2012. Norskdelen vart 22,8 prosent, samanlikna med 16,8 prosent i 2012. Barne- og familiefilmene bidrog sterkt til at besøkstalet på dei norske filmene berre blir slått av toppåret 2011.

FIGUR 10: Kinobesøk på norske filmar 2003–2013



Rekordhøgt romjulsbesøk på dei norske kinoane gav betre besøkstal enn forventa for alle filmar på kino i 2013 med over 11,8 millionar kinobesøk. Det er likevel ein nedgang på 2,7 prosent samanlikna med 2012, men over snittet dei siste ti åra. Samstundes som fleire besøkjer norske filmar på kino, har altså det totale besøkstalet på kino gått noko ned. Dei amerikanske storfilmene har eit lågare besøkstal enn forventa, noko den europeiske kinobransjen meiner kjem av dårlegare kvalitet på filmene. Det blir trekt parallellar til ein frykta nedgang i kinobesøk på verdsbasis som kjem av auka konkurranse frå film på andre plattformer. Når kinofilmene ikkje innfrir som forventa, blir potensielle besøkjande på kino overførte til det tilbodet som finst på ulike strøymetenester via nettet.

Målet om tre millionar besøk og 25 prosent marknadssdel for norske filmar på kino er ikkje nådd i 2013. Men oppgangen frå 2012 er markant, sjølv med berre ein premierefilm meir (23 i 2012 mot 24 i 2013). Dette kjem i første rekke av at det i 2013 var seks barne- og familiefilm, mens det i 2012 berre var to. *Solan og Ludvig – Jul i Flåklypa* og *Gåten Ragnarok* fekk til saman i overkant av 1,1 million besøkjande i dei siste månadene av året. Dei tre siste månadene av fjoråret gav fleire nye rekordar. Romjulsbesøket sette rekord med god margin og enda på i underkant av 530 000 besøkjande på kino. Gjennomsnittsbesøket dei siste ti åra er ca. 355 000, og ein må tilbake til 2005 for å finne den nest best besøkte romjula med ca. 400 000 besøk. Både i november og i desember vart det sett ny besøksrekord for dei to månadene dei siste ti åra.

TABELL 10: Norske kinofilm premierar med ordinær kinodistribusjon i 2013

| Filmtittel | Produksjonsselskap | Regissør | Premiere | Besøk | Omsetjing |
|-----------------------------------|-----------------------|------------------------------------|------------|---------|------------|
| Før snøen faller | Paradox AS | Hisham Zaman | 15.01.2013 | 16 178 | 978 072 |
| Gulabi Gang | Piraya Film AS | Nishtha Jain | 18.01.2013 | 8 939 | 517 042 |
| En som deg | 4 1/2 Fiksjon AS | Eirik Svensson | 01.02.2013 | 7 602 | 522 400 |
| Karsten og Petra blir bestevenner | Cinenord Kidstory AS | Arne Lindtner Næss | 15.02.2013 | 218 133 | 16 620 254 |
| Victoria | Filmkameratene AS | Torun Lian | 01.03.2013 | 89 865 | 7 212 086 |
| Jag etter vind | Motlys AS | Rune Denstad Langlo | 15.03.2013 | 33 883 | 2 878 767 |
| Eventyrland | Chezville AS | Arild Østin Ommundsen | 22.03.2013 | 17 822 | 1 492 393 |
| Pelle Politibil på Sporet | Neofilm AS | Rasmus A. Sivertsen og Rune Spaans | 03.05.2013 | 158 029 | 12 479 743 |
| Å begrave en hund | Monster Film | Andreas Lisberg, Julian Hagemann | 07.06.2013 | 3 644 | 304 821 |
| Pornopung | Feil Film AS | Johan Kaos | 19.07.2013 | 64 827 | 6 020 871 |
| Kyss meg for faen i helvete | Motlys AS | Stian Kristiansen | 09.08.2013 | 43 615 | 3 680 769 |
| Jeg er din | Mer Film AS | Iram Haq | 16.08.2013 | 12 493 | 995 435 |
| Mormor og de åtte ungene | Paradox AS | Lisa Marie Gamlem | 16.08.2013 | 187 970 | 14 996 594 |
| Pionér | Friland Produksjon AS | Erik Skjoldbjærg | 30.08.2013 | 170 070 | 16 424 360 |
| De tøffeste gutta | Filmbin AS | Christian Lo | 06.09.2013 | 49 352 | 3 432 196 |

| | | | | | |
|----------------------------------|-----------------------|--|------------|---------|------------|
| Hokus Pokus Albert Åberg | Maipo Film AS | Torill Kove | 13.09.2013 | 74 468 | 5 765 215 |
| Optimistene | Skoftealand Film | Gunhild Westhagen Magnor | 27.09.2013 | 24 553 | 1 884 792 |
| Gåten Ragnarok | Fantefilm Fiksjon AS | Mikkel B. Sandemose | 04.10.2013 | 250 570 | 22 550 569 |
| Tusen ganger god natt | Paradox AS | Erik Poppe | 18.10.2013 | 95 838 | 8 811 602 |
| Detektiv Downs | Friland Produksjon AS | Bård Breien | 25.10.2013 | 54 289 | 4 421 754 |
| Supervention | Field Productions | Filip Christensen, Even Sigstad, Lasse Nyhau- gen (co-regi), Jan Petter Aarskog (co-regi) | 25.10.2013 | 37 721 | 3 309 832 |
| Søsken til evig tid | Fim Video AS | Frode Fimland | 01.11.2013 | 40 628 | 3 482 977 |
| Solan og Ludvig - Jul i Flåkløya | Maipo Film AS | Rasmus A. Sivertsen | 08.11.2013 | 854 210 | 71 033 851 |
| Kill Butjo 2 | Tappeluft Pictures AS | Vegar Hoel | 20.12.2013 | 78 115 | 7 353 135 |

Sjå *Styrkt produksjon* for omtale av målsetjinga om 25 langfilm i året, av dei fem dokumentarar og fem barne- og ungdomsfilm.

Samproduksjonar der Noreg er minoritets-

produsent, og norske filmar med kinooppsetjing utan ordinær distribusjon inngår ikkje i oversikta over årets norske kinofilm. Desse filmene er derfor presenterte i eigne tabellar.

TABELL 11: Samproduksjonar med norsk minoritetsprodusent 2013

| Filmtittel | Produksjonsselskap | Regissør | Premiere | Besøk | Omsetjing |
|--------------------------|-----------------------|--------------------|------------|-------|-----------|
| Nåde | Neofilm AS | Matthias Glasner | 18.01.2013 | 4 462 | 340 814 |
| Dypet | Filmhuset AS | Baltasar Kormákur | 12.04.2013 | 5 106 | 453 456 |
| Call Girl | Friland Produksjon AS | Mikael Marcimain | 21.06.2013 | 9 425 | 911 226 |
| Snabba Cash Livet Deluxe | Fantefilm Fiksjon AS | Jens Jonsson | 27.09.2013 | 3 158 | 298 077 |
| The Act of Killing | Piraya Film AS | Joshua Oppenheimer | 15.11.2013 | 4982 | 419 209 |

Samproduksjonar der Noreg er minoritet, oppnår beskjedne besøkstal i år som tidlegare år, med ca. 27 000 besøkjande fordelte på fem filmar i 2013, mot ca. 16 000 besøk fordelte på tre kinofilm i 2012. Den norske produsenten er definert som ein minoritetsprodusent når mindre enn 50 prosent av finansieringa er frå den norske produsenten. Ein samprodusert film blir ikkje definert som ein norsk film, sjølv med ordinær distribusjon.

Med *ordinær kinodistribusjon* er meint at filmen er allment tilgjengeleg gjennom ein distributør, og at filmen blir sett opp på kino i minst tre av dei store byane Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Tromsø. Kinofilm utan ordinær distribusjon på norske kinoar følgjer ofte av ei lokal forankring. Digitaliseringa av norske kinoar har i større grad opna for at ein kan sleppe til lokale produksjonar, som kan ha større eller mindre oppslutning i spesifikke byar eller lokalsamfunn i landet.

TABELL 12: Norske filmar med kinooppsetjing, utan ordinær distribusjon 2013

| Filmtittel | Produksjonsselskap | Regissør | Premiere | Besøk | Omsetjing |
|-----------------------|--------------------|--|------------|-------|-----------|
| Trikken til Auschwitz | Hummelfilm AS | Elsa Kvamme | 27.01.2013 | 1 966 | 72 802 |
| On the Edge | Filthy Frames | Aleksander Dario Nilsen og Sohail Kamali | 24.03.2013 | 69 | 2 280 |
| 13 dager i april | n/a | Helge Hundeide | 09.04.2013 | 951 | 49 444 |
| Blåtur | Piggsvin Film AS | Ivar Aase | 12.04.2013 | 2 084 | 151 744 |
| Sterkest | n/a | n/a | 31.05.2013 | 56 | 5 200 |
| Det røde eplet | n/a | Fredrik Nielsen og Vanja Larsen | 14.11.2013 | 432 | 30 157 |

Over halvparten (fire av seks) av filmene utan ordinær distribusjon er ikkje overraskande dokumentarfilm, som kan gjennomførast med eit lite produksjonsbudsjett. Med eit samla besøk på om lag 5500 utgjer dette ein marginal del av besøkjande på kino.

LANSERING AV NORSKE FILMAR I NORGE

Eit viktig tiltak for å oppnå målet om solid publikumsoppslutning er at norske audiovisuelle produksjonar blir synleggjorde i Noreg så vel som internasjonalt. NFI hadde i 2013 eit budsjett på 32,2 millionar kroner til lansering av kinofilm og 2,4 millionar kroner til interaktive spel i Noreg. Storleiken på lanseringstilskotta varierte frå 100 000 kroner til 2 millionar kroner, som er maksimal støtte per produksjon. Alle filmene som har fått produksjonstilskott etter marknadsordninga, vart i 2013 tildelte maksimalt lanseringstilskott. Dei marknadsvurderte filmene leverte eit høgt besøk i 2013, som dei òg gjorde i 2012.

NFI har eit godt samarbeid med og ei nær oppfølging av produsentane og distributørane, vidareført og utbetra gjennom lanserings-/oppstartsmøte. Formålet med møta er å gjere søknadsprosessen føreseieleg og samstundes bidra til auka medvit rundt arbeidet med å posisjonere filmen og definere målgruppa. I tillegg

blir det arrangert ein serie profileringstiltak retta mot filmbransjen, media og publikum. Dei viktigaste arrangementa er Filmvåren og Filmhausten, Blått Lerret, bransjemøte med distributørar og kinosjefar under dei største filmfestivalane i Noreg – Tromsø (TIFF), Trondheim (Kosmorama), Haugesund og Bergen (BIFF) – det årlege Spelefilmkonventet og den årlege Lanseringsdagen.

NEDGANGEN I DVD-SALET HELD FRAM

Etterspurnaden etter film på dvd hadde ein historisk topp i 2008. Dei siste åra har salet gått ned gradvis og dei siste åra dramatisk. Samstundes går store delar av brukarane over til nettbaserte plattformer. Publikum endrar åtfærd, og forventningane om at dei audiovisuelle produksjonane er tilgjengelege på alle digitale plattformer, aukar. Det er estimert at over 25 millionar filmar vart sett via nettbaserte betalte filmtjenester eller klikkefilm i Noreg i 2013¹. Det blir jobba med og blir stadig viktigare å finne metodar for å undersøkje kor tilgjengelege denne typen tenester er, og omfanget av den faktisk bruken av dei.

Dvd-salet fall med 39,8 prosent, frå 11,4 einingar i 2012 til 6,8 i 2013, mens salet av Blu-ray Disc fall med 12,6 prosent, frå 2,1 einingar i 2012 til 1,8 i 2013. Totalmarknaden for dvd og Blu-ray Disc viser ein nedgang på 35,6 prosent

Terje Eidsvåg, Adressa 4. september 2013 om De tøffeste gutta:

-«De tøffeste gutta» er en sympatisk og utfordrende skildring av mobbing og de tøffe guttas makt på skolen. Regissør Christian Lo og hans team skal ha ros for å lage ny, desentralisert norsk barnefilm med vilje til å sette problemer under debatt. I «Bestevenner» fra 2009 tok de for seg vennskap og norsk asylpolitikk med Gudbrandsdalen som arena. «De tøffeste gutta» handler om mobbing blant unger i 12-årsalderen på en liten skole i Lillehammer, basert på en bok av Arne Svingen.

i 2013 samanlikna med 2012, med 8,7 selde einingar i 2013 mot 13,4 året før. Men marknadsdelen for Blu-ray Disc auka frå 15,4 til 20,9 prosent. Denne auken kompensierer derimot langt frå fallet i selde dvd-ar. Nedgangen i dvd-salet er ein venta nedgang og ei utvikling som ein reknar med vil halde fram i 2014.

Film & Kino har ansvaret for dei offisielle besøkstala i Noreg. Det finst ikkje per i dag oversikter over kor mange brukarar som ser norske filmar som klikkefilm, eller kor mange påsyn norske filmar genererer på klikkefilmtenester. Det finst derfor ikkje grunnlag for å uttale seg om dei norske filmene har nådd den filmpolitiske målsetjinga om ein marknadsdel på 15 prosent i klikkefilmmarknaden.

EKSPORT AV NORSK FILM OG TV-DRAMA

Auka eksport og eksportverdi av norsk film og tv-drama er eit sentralt mål for regjeringas filmpolitikk. Den norske filmeksporten seier noko om publikumsoppslutning og tilgjengeleggjeing internasjonalt. Filmar som blir selde på ein internasjonalt marknad for vising på kino, tv, dvd og vod, når eit publikum over heile verda. Eksportverdi er òg eit resultatmål for kvaliteten på den norske filmen (sjå *Kvalitet og mangfald*). Når det gjeld eksport av tv-drama, har NFI ikkje tilgjengeleg statistikk.

Målet om "solid publikumsoppslutning" blir blant anna presisert slik: "eksport av norsk film og tv-drama [skal være] doblet innan 2010" (KUD 2007:45). Utgangspunktet for å måle veksten i norsk filmeksport er salsvolumet i 2005, som var på ca. 16 millionar kroner. Eksportverdien blir berekna med ei tidsforskyving på to år for å vere mest mogleg korrekt og kunne omfatte så mange sal som mogleg.

NFIs årlege eksportundersøking av ny norsk film (publisert i november 2013) viser at den

samla verdien av den norske filmeksporten i 2011 er berekna til 45 millionar kroner og ligg 15,6 prosent lågare enn i 2010 (53,3 millionar). Av dette utgjør 13,6 millionar kroner (30 prosent) førehandssal i ulike former, mens etterhandssalet er på 31,4 millionar kroner (70 prosent). Den samla eksportverdien til 2011-filmene er likevel 40,6 prosent – eller 13 millionar kroner – høgare enn det filmpolitiske målet om 32 millionar kroner innan 2010. Den mest selde tittelen internasjonalt i 2011 var *Hodejegerne*, basert på ein global bestseljar av Jo Nesbø, regissert av Morten Tyldum og produsert av Friland. Denne filmen sette salsrekord for norsk film i utlandet og hevar den totale eksportverdien vesentleg. *Hodejegerne* er eit eksempel på at publikumspotensialet til dei enkelte filmene har mykje å seie for den samla eksportverdien til norsk film det enkelte året.

TABELL 13: Eksportverdien av norske kinofilmar 2002–2011. Beløp målt i millionar kroner

| | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|--------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Samla eksportverdi | 7,4 | 8,1 | 13,1 | 15,9 | 19,9 | 21,7 | 30,5 | 22,5 | 53,3 | 45 |
| Etterhandssal | 6,4 | 6,6 | 6 | 4,6 | 9,8 | 8,3 | 17,9 | 17,9 | 36,9 | 31,4 |
| Førehandssal | 1 | 1,5 | 7,1 | 11,3 | 10,1 | 13,4 | 12,5 | 4,6 | 16,4 | 13,6 |
| Snitt per film | 0,46 | 0,48 | 0,73 | 0,84 | 0,99 | 0,99 | 1,69 | 1,02 | 2,1 | 1,4 |

Til saman er det selt norske kinofilmar til utlandet for 237 millionar kroner i perioden 2002–2011. Den total veksten i utanlandssalet har vore på 508,1 prosent sidan 2002. Men marknaden for sal av film på den internasjonale marknaden er ustabil og prega av store svingingar. Som tidlegare år ser vi at Europa er den viktigaste marknaden for sal av norsk film og står for 70 prosent av kjøpa.

Sjå òg NFI: Eksportundersøkinga 2011 / www.nfi.no.

KVALITET OG MANGFALD

2013 hadde historisk mange filmar i produksjon med kvinnelege regissørar, produsentar og manusforfattarar. Mangfaldet blant årets premierefilmar gav oss fleire sjangerfilmar og publikumssuksessar, med musikalen Mormor og de åtte ungene, eventyrfilmen Gåten Ragnarok, spenningsfilmen Pionér og komedien Kill Buljo 2.

PRIORITERTE OMRÅDE OG SÆRSKILDE UTFORDRINGAR 2013

I tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet er Norsk filminstitutt bedt om å prioritere kvalitet og mangfald:

Økt satsing på kvalitet skal prioriteres framover. NFI skal bidra til at norske audiovisuelle uttrykk blir kjent for høy kvalitet og kunstnerisk dristighet på et internasjonalt nivå. NFI bør i 2013 legge vekt på kvalitet og mangfold blant filmene som produseres.

NFI må i 2013 fortsatt prioritere veiledning av de regionale filmvirksomhetene.

Målet om 40 pst. kvinneandel i nøkkelposisjoner (manuskript, regi og produsent) i tildelingene fra NFI ligger fast. Når det gjelder de ulike typene nøkkelposisjoner, er det særlig på regi at kvinneandelen er lav. NFI opprettet i 2012 et talentprogram med tilskudd til regitalenter innen kinofilm – Nye veier til lange filmer. Denne satsingen skal videreføres og følges tett.

Det må også satses sterkere på å øke mangfoldet i norsk film og tv. NFI skal bidra til at publikum får møte audiovisuelle uttrykk som speiler det kulturelle mangfoldet i Norge.

SATSINGA PÅ KVALITET I 2013

Den positive utviklinga innan norsk film er eit resultat av ein medviten og langsiktig filmpolitikk. Saman med tilføring av økonomiske ressursar har det sikra breidde og mangfald. Kvalitetshevinga har vore med på å skape eit

tillitsforhold mellom publikum og norsk film. Undersøkinga FilmMonitor viser at 64 prosent liker norsk film ganske godt eller svært godt, og at dette nivået har halde seg tilnærma stabilt gjennom 2013.

Det er eit filmpolitisk mål at norsk film skal hevde seg internasjonalt og oppnå internasjonale prisar. Dette er eit verkemiddel for å heve kompetansen i bransjen, auke utvekslinga av kunstnarleg talent og gjennom dette auke kvaliteten på norske filmar generelt (sjå omtale under *Solid publikumsopplutning*). Internasjonalisering er ein avgjerande kvalitetsdrivar og internasjonale prisar ein kvalitetsindikator.

Satsinga på talentutvikling er ein annan kvalitetsdrivar. I 2013 var den første filmen frå talentprogrammet Nye vegar til lange filmar premiereklar. *Jeg er din* er regissert av Iram Haq og er eit personlig portrett av den unge åleinemora Mina med Amrita Acharia i hovudrolla. Regissør og manusforfattar Iram Haq har tidlegare skrive og regissert kortfilmen *Skyklappjenta* (2009), som vart vist på ei rekke festivalar i inn- og utland og vann fleire prisar. Ho har òg skrive manuset til og spelt hovudrolla i Trond Fausa Aurvågs kortfilm *Trofast*, som deltok ved filmfestivalen i Venezia.

Nye vegar til lange filmar er bygd opp rundt talentfulle regissørar for å stimulere til kunstnarleg fordjuping, vågemot og utvikling. Gjennom dette programmet fekk Haq sjansen til å

Shalini Dore, Variety, 24. september 2013 om Jeg er din:

-Norway has chosen Iram Haq's first feature "I Am Yours" as its entry in the Oscar foreign-language film. "I Am Yours" is an impressive debut that touches and raises important questions about being a woman and man in a complex society; the committee sees it as very mature and universal film, a personal and authentic work created by a woman director, with a female lead that carries the film's expression to the full."

realisere den første spelefilmen sin.

– "Jeg er din" har potensial til å bli ei særeigen førstehandsforteljing frå det nye Noreg. Iram Haq er eit særeige talent med stor innsikt i tematikken sin og eit sterkt medvit om dei kunstnarlege utfordringane i eit dristig prosjekt, sa rådgivar for talentprogrammet Eva Færevaaag da prosjektet fekk utviklingsstøtte med ein intensjonsavtale om produksjonstilskott i 2012. I 2013 vart *Jeg er din* plukka ut til å vere Noregs offisielle Oscar-kandidat.

Produsent Maria Ekerhovd (MER Film AS) har tidlegare produsert spelefilmene *Vegas* (2009) og *Jernanger* (2009), og dessutan Gullpalmevinnaren for beste kortfilm ved filmfestivalen i Cannes 2006, *Sniffer*. Ekerhovd var norsk Producer On the Move under Cannes-festivalen 2011. Med kvinner i alle nøkkelposisjonar og i hovudrolla bidrar *Jeg er din* og talentordninga Nye vegar til lange filmar til høgare kvinnele og større mangfald i 2013. Utviklinga over tid viser at det dei siste fire åra har vore fleire kvinnelege debutantar enn mannlege, noko som er viktig for å få opp kjønnsbalansen. Andre regissørar som har fått tilskott, er Solveig Melkeraaen (*Flink pike*, 2012), Margreth Olin (*God*, 2013), Aasne Vaa Greibrokk (*Alt det vakre*, 2013) og Kim Hiorthøy (*Løperen og hesten*, 2013).

MANGFALD SOM KVALITETSDRIVAR

Å oppnå mangfald tek tid. Det krev langsiktig arbeid retta inn mot forskjellige målgrupper og spesielt mot nye grupper og dei unge. Graden av variert rekruttering og utvikling av talent er avgjerande for mangfaldet.

Hisham Zaman er regissøren bak den store pris- og festivalvinnaren i 2013 *Før snøen faller* (sjå *Solid publikumsoppslutning*). Zaman

er utdanna ved Den norske filmskolen på Lillehammer, kom til Noreg som tenåring og har ein bakgrunn frå den irakiske delen av Kurdistan. *Før snøen faller* er ei utradisjonell historie som tek oss med på ei lang og farefull ferd frå Kurdistan til Istanbul, vidare gjennom Europa, før ho endar opp i Noreg, Oslo og Gran. Alt med kortfilmen *Bawke* i 2005 fekk Zaman stor merksemd i både inn- og utland og har sidan fortalt historier om og frå Noreg med eit særeige blick.

Breidda blant norske filmar i 2013 blir spegla blant prisvinnarane på festivalar. Det er eit stort sprang frå *Før snøen faller* til *Pionér*, frå eit drama om ein kurdisk guts forsøk på å vinne tilbake familiens ære til ein historisk thriller basert på Noregs veg til olje og velstand. Frå *Detektiv Downs*, der Svein André Hofsø fekk prisen som beste skodespelar på Fantastic Fest i USA, til *Tusen ganger god natt* med den internasjonale stjerna Juliette Binoche. Norske barnefilmar markerer seg som prisvinnarar med *De tøffeste gutta* og *Karsten og Petra blir bestevenner*.

Det blir satsa spesielt på at barn og unge skal ha eit godt audiovisuelt tilbod på norsk. Det er viktig at den yngre generasjonen kan identifisere seg med og kjenne seg i att i norske produksjonar, og at desse produksjonane blir opplevde som relevante i barn og unges kvardag. Rapporten *Av Om For – et innspillsnotat om mangfold og kinofilm og tv-drama* frå 2012 ser på utfordringar knytte til mangfald og foreslår tiltak til korleis vi kan få ei større breidde blant talent innan bransjen og større breidde i kva slags historier som blir fortalde. Rapporten viser til at svært mykje kinofilm og tv-drama for barn og ungdom er adaptasjonar frå litterære førelegg eller eksisterande filmunivers. Blant premierefilmene i 2013 var alle dei seks barnefilmene baserte på litterære

førelegg eller eksisterande filmunivers. Noko av utfordringa er å få fleire originalskrivne barnefilmmanus.

Spelefilmdebutant Lisa Maria Gamlem er regissøren bak *Mormor og de åtte ungene*, der gjenkjenning er ei avgjerande drivkraft. Samstundes viser filmen korleis ei nyinnspeling kan tilpassast og spegle samtida ved å skrive om manus og endre sjanger. Filmen aukar sjangermangfaldet blant dei norske 2013-filmene i kraft av å vere ein musikal.

FILMPOLITISK MÅL: KVALITET OG MANGFALD

I stortingsmelding nr.22 (2006–2007) *Veiviseren*. For det norske filmloftet er målet om kvalitet og mangfald definert på følgjande måte:

- eit mangfald i uttrykksform, produksjonskostnad og målgrupper basert på sterke filmmiljø i alle delar av landet
- 40 prosent kvinner/menn i nøkkelposisjonar innan 2010
- norske kort- og langfilm, dokumentarar og tv-drama skal konkurrere om viktige internasjonale prisar


SJANGER, MÅLGRUPPER, BUDSJETT OG GEOGRAFI – DEI NORSKE PRODUKSJONANE I 2013

Mangfald blir uttrykt og målt på variasjon i budsjett, sjanger, kunstnarlege og kommersielle ambisjonar og potensial, geografisk stad og innhald. Årets premierefilm speglar det mangfaldet NFI arbeider for å skape gjennom førehandstilskottet.

Dei 24 kinofilmene i 2013 fordeler seg over sjangrane drama (13 filmar), dokumentar (4 filmar), animasjon (3 filmar), komedie (1 film), skrekk/thriller/krim (1 film), eventyrfilm (1 film)

og musikal (1 film). Sjangerinndelinga er basert på Medietilsynets sjangerkategorisering.

FIGUR 11: Fordeling av premierefilm på sjangerkategoriar



Drama er den klart dominerande sjangeren i 2013, som tidlegare år. Det er verdt å presisere at filmene som er kategoriserte under drama-sjangeren, inkluderer eit mangfald av filmar retta inn mot forskjellige målgrupper. Fleire av barne- og ungdomsfilmene er kategoriserte som drama, som *De tøffeste gutta* (regi Christian Lo) og *Kyss meg for faen i helvete* (regi Stian Kristiansen). *Detektiv Downs* (regi Bård Breien), *Pornopung* (regi Johan Kaos) og *Eventyrland* (regi Arild Østin Ommundsen) er eksempel på andre og særigne filmar som er kategoriserte under drama, men er prega av andre sjangerkategoriar som komedie og thriller.

Sjangerinndeling er ei utfordrande øving. Mange filmar er såkalla sjangerhybridar, og det vil alltid vere filmar som har tilhørslse til fleire kategoriar og/eller ikkje passer nokon av kategoriane (anna).

2013 gav oss fleire sterke sjangerfilm, med *Mormor og de åtte ungene* (musikal), *Gåten Ragnarok* (eventyr), *Pionér* (thriller) og *Kill Buljo 2* (komedie). Ikkje berre bidrog desse filmene til ein større variasjon og eit breiare filmtilbod til det norske filmpublikummet, dei hadde òg til saman nærare 690 000 besøk på kino og ein


Borghild Maaland, VG 21.mars 2013 om Eventyrland:

Med upolert energi og rytme kryper «Eventyrland» gradvis under huden på tilskueren. Den er sår og rå på samme tid; en suggerende fortelling om kjærlighet, drømmer og forbrytelser. Regissør Arild Østin Ommundsen har funnet tilbake til fortellergleden som preget debuten «Mongoland». «Eventyrland» er lavbudsjett, det merkes i blant, men stemningen og den underliggende følelse av uro er gjennomført. Godt assistert av Thomas Dybdahls musikalske tonefølge.

marknadsdel på 25 prosent. Alle fire filmene ligg på topp fem-lista over dei mest sette norske filmene i 2013. Eventyrfilmen *Gåten Ragnarok* var ein stor publikumssuksess med i overkant av 250 000 besøkjande på norske kinoar, berre slått av *Solan* og *Ludvig – Jul i Flåklypa*.

I eit historisk perspektiv er drama den klart viktigaste sjangeren i ein norsk og skandinavisk kontekst. Mens det i perioden 2009 til 2013 jamt over blir produsert mange dramaproduksjonar og talet på kinodokumentarar held seg stabilt på mellom tre og seks produksjonar, varierer det mykje kor mange komediar som blir laga. I 2013 vart det registrert berre ein komedie (*Kill Buljo 2*), mens det i 2011 vart registrert heile ti komediar. Det er verdt å merke seg at det var 33 premiefilmar i 2011. Trass i det høge talet på filmar var dei fordelte på færre sjangerkategoriar enn i 2013. 28 av 33 filmar var drama, komedie eller skrekk/thriller/krim.

FIGUR 12: Sjangerfordeling premiefilmar



Den historiske oversikta over fordelinga av sjangrar av premiefilmar frå 2009 til 2013 kan inkludere forskjellige standardar for kategorisering. Under kategorien «Anna» kan det for eksempel vere registrert sjangerfilm som eventyr, musical og animasjon for tidlegare år.

VARIASJON I BUDSJETT

For å halde oppe eit mangfald av sjangrar og filmatiske uttrykk legg NFI vekt på at det skal produserast norske filmar med varierende produksjonskostnader. Det skal vere plass til dei historiske kostymedrama som *Max Manus*, *Kon-Tiki* og *Victoria* og dei smalare filmene som kinodokumentaren *Søsken til evig tid* og *Eventyrland*. Dei ulike støtteordningane NFI forvaltar, sikrar og held oppe variasjonen i produksjonsbudsjett (sjå *Styrkt produksjon* for nærare omtale).

TA HEILE LANDET I BRUK!

18 av årets 24 premiefilmar er produserte av produksjonsselskap med adresse i Oslo. To filmar er produserte av selskap i Hordaland, to i Rogaland, og Oppland og Akershus har ein film kvar. Styrkeforholdet mellom selskap i Oslo og selskap i resten av landet har halde seg ganske stabilt dei siste seks åra. Ingen premiefilmar kjem frå produksjonsselskap med adresse i Nord-Noreg, mens vi må heilt tilbake til 2008 for å finne ein premiefilm frå eit produksjonsselskap i Midt-Noreg.

Ein og same film har ofte fleire innspelingsstader, og innspelingsstader kan fordele seg på fleire landsdelar eller vere spelt inn heilt eller delvis i utlandet. Ein av filmene med premiere i 2013, *Pionér*, hadde for eksempel rundt 30 prosent av innspelingsdagane i Bergen og 60 prosent i Sverige og til saman 10 prosent i Tyskland og Island. Filmen er da registrert med 0,3 poeng i Hordaland og 0,7 poeng i utlandet i tabell 14, figur 13 og figur 14.


Sjølv om majoriteten av produksjonsselskapa frå 2013 har postadresse i Oslo, har dei fleste filmene vorte spelte inn andre stader i inn- og utland. Det er berre to av premiefilmene frå 2013 som har alle innspelingsdagane sine i Oslo. I tillegg er det

fem filmer frå 2013 som er spelt inn delvis i Oslo. Vestlandet er den landsdelen, utanom Oslo og Akershus, som er best representert i filmene frå 2013. *Eventyrland* og *Kyss meg for faen i helvete* er begge spelt inn 100 prosent i Rogaland, *Søsken til evig tid* er spelt inn 100 prosent i Sogn og Fjordane – og *Pionér* er spelt inn 30 prosent i Bergen. Fire av premiefilmene frå 2013 er spelte inn 100 prosent i utlandet – *Karsten* og *Petra blir bestevenner*, *Tusen ganger god natt*, *Gulabi Gang* og *Detektiv Downs* – mens ti filmer er spelte inn delvis i utlandet. Dei ti filmene dette gjeld, har mellom 10 og 90 prosent av innspelingsdagane i utlandet.

TABELL 14: Postadresse og innspelingsstad premiefilmar


| Landsdel | Postadresse produksjonsselskap | | | Innspelingsstad | | |
|------------------|--------------------------------|------|------|-----------------|------|------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2011 | 2012 | 2013 |
| Vestlandet | 2 | 2 | 4 | 4,95 | 4,8 | 3,3 |
| Midt-Noreg | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,7 |
| Nord-Noreg | 4 | 1 | 0 | 1,5 | 2 | 0,6 |
| Sørlandet | 0 | 2 | 0 | 0 | 1,8 | 0 |
| Austlandet | 2 | 1 | 1 | 3,4 | 1,8 | 3 |
| Oslo og Akershus | 25 | 17 | 19 | 15,37 | 8,05 | 4,1 |
| Utlandet | | | | 6,78 | 4,55 | 9,3 |
| Animasjon | | | | 1 | 0 | 3 |

FIGUR 13: Innspelingsstad i premiefilmar



Figur 13 illustrerer at det er store variasjonar frå år til år i val av innspelingsstad, utan ei klar utvikling eller ein klar tendens. Men premiefilmene dei tre siste åra fordelte på innspelingsstader sett under eitt (illustrert på figur 14) viser at innspelingsstadene fordeler seg med 35 prosent i Noreg (utanom Oslo og Akershus), 34 prosent i Oslo og Akershus og 26 prosent i utlandet. I tillegg er det fem prosent animasjonsfilmar blant premiefilmene.

FIGUR 14: Innspelingsstad premiefilmar 2011–2013 samla




GEOGRAFISK SPREIING: KVAR KJEM SØKJARANE FRÅ?

Den geografiske spreinga i søkjarmassen speglar i ein stor grad den høge delen av premiefilmar i 2013 med produksjonsselskap frå Oslo. 234 av alle produksjonsselskap (totalt 502) som søkte tilskott til produksjon (kinofilm, dokumentar, kortfilm, fjernsynsdrama og interaktive produksjonar), har adresse i Oslo. 68 har adresse i Hordaland, 28 i Troms, 27 i Buskerud, mens både Sør-Trøndelag og Akershus har 23 produksjonsselskap med adresse i sitt fylke.

Produksjonstilskott fordelte på landsdelar viser den same tendensen og må sjåast i samanheng med søkjarmassen. Flest tilskott har gått til produksjonsselskap med adresse i Oslo og Akershus (73 prosent). Deretter følgjer Vestlandet og Nord-Noreg med 9 prosent

kvar, Austlandet (5 prosent) og Midt-Noreg (4 prosent). Det er registrert berre eitt tilskott i Agder-fylka, som ikkje gir utslag for prosentdelen på Sørlandet.

FIGUR 15: Produksjonstilskott fordelte på landsdelar 2013



Ved å sjå på prosentdelen av søknader som er innvilga tilskott, kjem Vestfold klart best ut med 54,5 prosent. Trøndelag-fylka følgjer med ca. 30 prosent, Oslo med 29,1 prosent og Nordland med 28,6 prosent.

TABELL 15: Produksjonstilskott fordelte på fylke

| Fylke | Søknadar | Tilskott | Prosent* | Kino | Kort | Dok | TV | Dataspel** | Totalt |
|------------------|----------|----------|----------|-------------|------------|------------|------------|------------|-------------|
| Akershus | 23 | 4 | 17,4 | 200 000 | | 1 000 000 | | 550 000 | 1 750 000 |
| Aust-Agder | 1 | 0 | 0,0 | | | | | | - |
| Buskerud | 27 | 3 | 11,1 | | | | | 2 600 000 | 2 600 000 |
| Finnmark | 10 | 0 | 0,0 | | | | | | - |
| Hedmark | 8 | 2 | 25,0 | | | | | 1 100 000 | 1 100 000 |
| Hordaland | 68 | 17 | 25,0 | 9 173 985 | 1 600 000 | 4 350 000 | 1 844 000 | 1 950 000 | 18 917 985 |
| Møre og Romsdal | 5 | 1 | 20,0 | | 1 100 000 | | | | 1 100 000 |
| Nordland | 7 | 2 | 28,6 | | | 1 545 000 | | 300 000 | 1 845 000 |
| Nord-Trøndelag | 10 | 3 | 30,0 | | 1 190 360 | | 400 000 | 800 000 | 2 390 360 |
| Oppland | 10 | 1 | 10,0 | | 900 000 | | | | 900 000 |
| Oslo | 234 | 68 | 29,1 | 98 031 000 | 18 295 000 | 11 956 672 | 40 850 000 | 9 525 000 | 178 657 672 |
| Rogaland | 8 | 1 | 12,5 | | | 1 800 000 | | | 1 800 000 |
| Sogn og fjordane | 2 | 0 | 0,0 | | | | | | - |
| Sør-Trøndelag | 23 | 7 | 30,4 | 65 000 | 500 000 | 3 800 000 | 1 350 000 | 500 000 | 6 215 000 |
| Telemark | 6 | 0 | 0,0 | | | | | | - |
| Troms | 28 | 5 | 17,9 | 20 660 000 | | 175 000 | | 380 000 | 21 215 000 |
| Vest-Agder | 7 | 1 | 14,3 | | | 350 000 | | | 350 000 |
| Vestfold | 11 | 6 | 54,5 | 4 500 000 | 600 000 | | 250 000 | 2 600 000 | 7 950 000 |
| Østfold | 14 | 2 | 14,3 | | | 180 000 | | 391 000 | 571 000 |
| Sum | 502 | 123 | 24,5 | 132 629 985 | 24 185 360 | 25 156 672 | 44 694 000 | 20 696 000 | 247 362 017 |

*Prosentdel av søknader som er innvilga tilskott

**Utviklingstilskott til dataspel (interaktive produksjonar) er inkludert

- Jeg blir varm om hjerterota av å se herlige gamle damer hygge seg i samvær med hverandre. Det er det Optimistene egentlig handler om. Fellesskap. Det er en dokumentarfilm som viser viktigheten av å være aktiv i et nettverk for å holde både kropp og sjel ved like. Damene på Hamar bruker volleyball.

Innanfor dei ulike kategoriane er tilskotta til kinofilm i hovudsak fordelte på fylka Oslo, Troms, Hordaland og Vestfold. For kortfilm er det totale tilskottet på ca. 24,2 millionar kroner fordelt på sju fylke, av det ca. 18,3 millionar til Oslo. Tilskott til dokumentarfilm (ni) og data-spel (elleve) spreier seg over fleire fylke.

KVINNEDELEN I PREMIERFILMAR 2013

Målet om at kvinner skal ha minst 40 prosent av nøkkelposisjonane i norsk film, har vore utfordrande, også i 2013. Seks av årets 24 premierefilm har kvinnelege regissørar (25 prosent), åtte har kvinnelege produsentar (33,3 prosent), og seks har kvinnelege manusforfattarar (25 prosent). Det utgjør ein kvinnedel på 27,7 prosent, som er ein liten auke frå 2012 (26 prosent).

I årets premierefilm har kvinner totalt 20 av 72 nøkkelposisjonar. Dei siste fem åra viser samla sett ein jamn auke i prosentdel kvinner i premierefilm. Det har dei siste åra vore registrert ein høgare prosentdel kvinner i filmar med førehandstøtte frå NFI. Det er i dei underliggjande tilskottsordningane at NFI kan gjere prioriteringar for å auke kvinnedelen. I desse filmene hadde kvinner totalt 35 prosent av alle nøkkelposisjonar i 2013, det same som i 2012. I filmar utan førehandstilskott er talet i 2013 redusert frå 17 prosent i 2012 til at det ikkje er kvinner i nokon nøkkelposisjonar. Det var i 2013 fem filmar utan førehandstilskott blant premierefilmene.

TABELL 16: Kvinnedeltaking i norske premierefilm 2013²

| | Regi | | Manus | | Produsent | | Totalt | |
|------------------------|------|------|-------|------|-----------|------|--------|------|
| | Tal | % | Tal | % | Tal | % | Tal | % |
| Med førehandstilskott | 6 | 31,5 | 6 | 31,5 | 8 | 42,1 | 20 | 35 |
| Utan førehandstilskott | 0 | - | 0 | - | 0 | - | - | - |
| Premierefilm totalt | 6 | 25 | 6 | 25 | 8 | 33,3 | 20 | 27,7 |

HISTORISK HØG KVINNEDEL PÅ TILSKOTTSNIVÅ!

Kvinnedelen i nøkkelposisjonar i prosjekt som er tildelte produksjonstilskott, er på eit historisk høgt nivå og svært nær målsetjinga på 40 prosent i 2013. For kinofilm er det ein oppgang frå 33 prosent i 2012 til 38,5 prosent i 2013. Prosentdelen for dokumentar og kortfilm har historisk sett lege på eit høgare nivå enn for kinofilm, men han har òg her gått markert opp frå 2012-nivået til 50 prosent (41 prosent i 2012) og 45 prosent (36 prosent i 2012).

TABELL 17: Prosentdel kvinner produksjonstilskott historisk

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Kinofilm | 19,0 % | 24,0 % | 32,0 % | 27,0 % | 31,0 % | 33,0 % | 38,5 % |
| Dokumentar | 40,0 % | 48,0 % | 43,0 % | 45,0 % | 32,0 % | 41,0 % | 48,9 % |
| Kortfilm | 34,0 % | 39,0 % | 48,0 % | 42,0 % | 42,0 % | 36,0 % | 44,6 % |

Av søknadene frå dei totalt 379 kvinnene som søkte tilskott innan dei ulike ordningane i 2013, er over ein tredel retta inn mot dokumentarfilm. Innan både kinodokumentar og dokumentar er produsentdelen høg, på høvesvis 50 og 44,7 prosent. Tilskottsnivået er tilsvarande høgt innan dokumentar, men ingen tilskott er gitt til kvinnelege kinodokumentaristar.

TABELL 18: Søknader og tilskott fordelte på ordningar

| | Søknadsmassen | | Tilskottsmassen | |
|---|---------------|--------|-----------------|---------|
| | Tal (N) | % | Tal (N) | % |
| Kinofilm (eks. minoritetssamproduksjon) | 53,5 | 28,3 % | 18,5 | 38,5 % |
| - av dei markedsvurderte | 10,5 | 18,4 % | 2,5 | 20,8 % |
| - av dei kunstnarleg vurderte * | 40 | 31,7 % | 16 | 48,5 % |
| - av dei kinodokumentar | 3 | 50,0 % | 0 | 0,0 % |
| Dokumentar ** | 146,1 | 44,7 % | 45,5 | 48,9 % |
| Kortfilm (inkl. nye vegar) | 179 | 36,2 % | 37,5 | 44,6 % |
| Sum | 378,6 | 37,4 % | 101,5 | 45,10 % |

* (inkl. nye vegar, pakkefinansiert produksjon)

** (inkl. nye vegar og fjernsynsserier, eks. minoritetssamproduksjon)

² Kvinnedeltaking blir tald for nøkkelposisjonane regissør, manusforfattar og produsent. Kvar nøkkelposisjon får mellom 0 og 1 poeng. Ei eller fleire kvinner i posisjon gir 1 poeng, ei kvinne og ein mann gir 0,5 poeng, og så vidare.

Den totale kvinnelege prosentdelen på tilskott på 45,1 prosent ligg noko høgt sett i forhold til søknadsmassen. Dette forholdet med høgare prosentdel av tilskott til kvinner i forhold til talet på søknader blir spegla i tilnærma alle ordningar, spesielt blant kunstnarleg vurderte

kinofilm, der ordningar som Nye vegar til lange filmar og pakkefinansierte produksjonar inngår. Blant dei 40 kvinnene som søkte tilskott etter kunstnarleg vurdering, fekk 16 tilskott, noko som utgjer nesten halvparten av tilskottsmassen.

TABELL 19: Prosentdel kvinner fordelt på nøkkelposisjonar, produksjonstilskott

| | Regi | | Manus | | Produsent | | Totalt | |
|---|------|---------|-------|---------|-----------|---------|--------|---------|
| | Tal | Prosent | Tal | Prosent | Tal | Prosent | Tal | Prosent |
| Kinofilm (eks. minoritetssamproduksjonar) | 5 | 31,3 % | 4 | 25,0 % | 9,5 | 59,4 % | 18,5 | 38,5 % |
| Dokumentar | 17 | 54,8 % | 17,5 | 56,5 % | 11 | 35,5 % | 45,5 | 48,9 % |
| Kortfilm | 11 | 39,3 % | 12,5 | 44,6 % | 14 | 50,0 % | 37,5 | 44,6 % |

Den positive utviklinga på tilskottsnivå er eit resultat av eit kontinuerlig arbeid med og satsing på likestilling og mangfald i filmbransjen. Det er likevel viktig å presisere at utvalet er såpass lite at ein film kan gjere store utslag i både positiv og negativ retning. Det er derfor nødvendig å sjå på utvikling over tid og ikkje på enkeltstående år.

Talentprogrammet Nye vegar til lange filmar og VIP-stipend (Vekst i prosjekt) er begge gode bidrag i denne samanhengen, ved at dei styrkjer rekruttering og utvikling av nye kvinnelege regissørar (sjå *Styrkt produksjon* for nærare omtale av ordningane). Utviklinga over tid viser også at det dei siste fire åra har vore fleire kvinnelege enn mannlege debutantar, noko som er viktig for å få opp kjønnsbalansen.

NFI er hovudbidragsytar for mentorordninga organisasjonane har for kvinner. Dette er i samsvar med NFIs vurderingsrapport av tiltak for å betre likestillinga på filmområdet frå 2011.

REGIONALT SAMARBEID

NFI har eit godt samarbeid med regionane, og kontakten med dei regionale filmsentra er vidare styrkt i 2013. Rettleiingsarbeid har særleg fokusert på forvaltningspraksis, og det er halde eit større møte for å diskutere og avklare det praktiske samarbeidet mellom regional og sentral forvaltning. Filmsentra gir tilskott til forskjellige format innan norsk audiovisuell produksjon, med unntak av kinofilm. Alle regionar har i 2013 hatt minst eitt offisielt besøk av ein konsulent og/eller rådgivar frå NFI på kortfilm- eller dokumentarfilmområdet. Konsulentar og rådgivarar frå NFI har delteke på fleire regionale samlingar og halde kompetansekurs for dei regionale konsulentane og dessutan arrangert saksbehandlingsseminar i fellesskap med regionane. Det har òg vore eit bra samarbeid når det gjeld satsinga på barn og unge (sjå *Filmkultur for alle* for nærare omtale av filmrommet.no). Det har vorte utarbeidd felles saksbehandlingsreglar nasjonalt og regionalt for tildeling av stipend.

FILMKULTUR TIL ALLE

Gjennom støtte til filmkulturelle tiltak over heile landet – og gjennom utstillingar, visingar og aktivitetar i Filmens Hus og på nfi.no – legg Norsk filminstitutt til rette for ein nasjonal filmkultur til alle.

PRIORITERTE OMRÅDE OG SÆRSKILDE UTFORDRINGAR 2013

I tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet er NFI bedt om å prioritere filmsatsinga på barn og unge og samtidig formidling til heile landet:

Det er et mål at film skal ha en sterk posisjon blant barn og unge. NFI og Film & Kino er sammen ansvarlige for handlingsplanen for filmsatsingen på barn og unge (2011–2013). NFI skal bidra til å øke publikums kjennskap til og kunnskap om audiovisuelle uttrykk som vår tids viktigste kulturopplevelse.

Ved å legge Filmens Hus til rette som senter for film, kunnskap og formidling skal NFI utvikle nye og eksisterende tilbud rettet mot barnehage og skole. NFI skal sikre at alle nye tilbud blir utformet slik at de samtidig blir formidlet nasjonalt via Internett.

STERK POSISJON BLANT BARN OG UNGE

Film har ein stor plass i kvardagen til barn og unge. Innsatsen overfor barn og unge skal etter Stortingsmelding nr. 22 (2006–2007) *Veiviseren* vere ein prioritert og integrert del av den samla filmpolitikken. Barn og unge er innovatørar på mediefeltet, og medievanane deira er i endring og utvikling. Kunnskap om tilgang til audiovisuelle produksjonar bør integrerast i både skolen og fritida og inngå i ein heilskapleg filmpolitikk. NFI er saman med Film & Kino ansvarleg for handlingsplanen for filmsatsinga på barn og unge (2011–2013). Hovudmåla i planen er blant anna å

- sikre barn og unge tilgang på gode film- og spel-

- opplevingar, med breidde og mangfald i uttrykk
- bidra til kompetanseheving av filmformidling (i skole og fritid)
- gi barn og unge sjansen til auka filmforståing og eigen produksjon av film
- sikre talentutviklinga til unge filmskaparar

NFIs ansvar er særleg knytt til barn og unges filmtilbod på fritida og som produsentar av eigne filmuttrykk. NFI tek hand om dette ansvaret blant anna gjennom Barnas Cinematek, utstillingar og aktivitetar i Filmmuseet og Filmgalleriet og som forvaltar av post 78 på statsbudsjettet, *Filmkulturelle tiltak*, som blant anna finansierer tiltak som filmport.no og Amandus Talent.

BARNAS CINEMATEK

Barnas Cinematek er eit helgetilbod til familiar og tilbyr spesialvisingar, regissørbesøk, ny barnefilm og filmklassikarar som ikkje er å sjå på vanlege kinoar. I 2013 vart det også halde stumfilmvisingar akkompagnerte av piano til stor begeistring. Barnas Cinematek skal fungere som ein dørøpnar til vår felles filmarv og filmkultur og er eit lågterskeltilbod med stor variasjon i brukargruppa.


Det vart registrert 4601 besøk på Barnas Cinematek i 2013. Det er ein auke på 8,2 prosent frå 2012, da det var 4241 besøkjande. Besøket varierer noko frå år til år og blir blant anna påverka av talet på førpremierar på norsk-

Ingrid Åbergstjordet , Aftenposten 15. august 2013 om Mormor og de åtte ungene:

-Den nye filmmusikalen *Mormor og de åtte ungene* er inspirert av Anne-Cath. Vestlys bøker fra 50- og 60-tallet. Det er svært prisverdig at produsentene har fått skrevet ny musikk til filmen, og på den måten pustet nytt liv materialet.

produserte filmar. I 2012 var det få norskproduserte filmar for barn og heller ingen førpremierar. I 2013 trekte førpremierane på *Mormor og de åtte ungene* og *Hokus Pokus Albert Åberg* fullt hus på Barnas Cinematek. I tillegg vart det arrangert to filmkonsertar. Nyoppussinga av Barnas filmrom bidrog òg til at fleire nytta seg av Barnas Cinematek på dagtid.

FIGUR 16: Besøk i Barnas Cinematek 2011–2013



TILBOD TIL SKOLEVERKET

NFI arrangerer filmverkstader for ulike barne- og ungdomsgrupper i samband med Den kulturelle skolesekken og har i samarbeid med skolane eit haustferietilbod for barn og unge. Talet på besøkjande frå barnehagar og skolar auka frå 5264 i 2012 til 5738 i 2013, tilsvarande ein vekst på ni prosent.

Som nasjonalt tilbod har NFI den nettbaserte filmtenesta Filmrommet.no, der filmene i Filmarkivet.no er tilrettelagde for undervisning på skolar, bibliotek og institusjonar.

AMANDUS TALENT

I samband med Amandusfestivalen blir talentseminaret Amandus Talent arrangert for ei utvald gruppe ungdommar frå heile landet. Målet for Amandus Talent er å skape ein attraktiv og

prestisjetung årleg filmverkstad for dei mest talentfulle unge filmskaparane i landet. Arrangementet går over seks dagar. Denne sjansen skal gjere det attraktivt for ungdom å jobbe med film, det skal spore til auka aktivitet og vere eit spennande mål å strekke seg mot. Dei beste unge filmskaparane blir følgde vidare med sommarleirar, internasjonale utvekslingar og andre tiltak. Arrangementet blir leidd av Østnorsk filmsenter på vegner av dei regionale filmsentra, og dei arbeider systematisk for å få best mogleg kvalitet på rekruttering av talent. I 2013 vart det lagt opp til eit tett samarbeid med Den norske filmskolen, som bidrar med utstyr og studentar frå ulike fagfunksjonar som hjelparar.


Amandus Talent vart tildelt 210 000 kroner frå post 78 *Filmkulturelle tiltak* i 2013.

FILMPORT.NO – NETTVERK FOR UNGE FILMSKAPARAR I NOREG

Filmport.no er eit landsdekkande nettverk for unge filmskaparar mellom 12 og 23 år som er støtta av NFI som eit filmkulturelt tiltak. NFI løyvde i 2013 450 000 kroner til verksemda. Tiltak retta inn mot barn og unge er viktige for rekruttering og variasjon i det norske film-landskapet. Med Filmport får neste generasjon filmskaparar eit verktøy for å utvikle filminteresse si.

Filmport.no er ein felles portal for regionale filmsenter og andre som jobbar med talentutvikling og unge filmskaparar. Kvar region har si side der dei kan kommunisere med brukarane sine, informere om kurs, verkstader og andre aktivitetar. Det er òg profesjonelle filmskaparar knytte til nettsamfunnet som mentorar. Amandusfestivalen bruker eksempelvis sida si på Filmport til å få unge filmskaparar til å dele filmar, erfaringar og tankar gjennom heile året.

– *Filmport skal vere ein nettstad for alle unge som ønskjer å jobbe med film. Målet vårt er*



Jeg er din er eit personleg portrett av den unge aleinemora Mina, skrive og regissert av spillefilmdebutant Iram Haq. Gjennom talentprogrammet *Nye vegar til lange filmar* fekk Haq mogleigheit til å realisere sin fyrste spelefilm i 2013.



å hjelpe unge filmskaparar vidare, anten dei har ambisjonar om å lage den første filmen sin eller har som mål å etablere seg i bransjen eller kome inn på Filmskolen, seier prosjektleiaren Anders Fristad Rudolph frå Mediefabrikken i Akershus i ei fråsegn.

Filmport.no har vorte ein suksess. I 2013 hadde sida 87 570 besøk, i overkant av 50 prosent var unike brukarar. Det er registrert 2354 profiler på Filmport, og over 40 prosent av dei som har oppretta ein profil, er jenter.

TALENTSEMINAR

Norsk filminstitutt arrangerer årleg eit talentseminar under Amandusfestivalen. Seminaret er retta inn mot festivaldeltakarar med eigne filmar i programmet, men er òg opent for andre interesserte. Innhaldet er mynta på å vise forskjellige måtar å jobbe med film på, både innan filmbransjen og på sida av han. Kva slags sjansar har ein til å lage film før ein er moden nok til å søkje på filmskolar? I tillegg til å vise korleis unge filmtalent får hjelp til å utvikle seg, består seminaret av ei rekke stemmer som kjem med si historie og sine tankar rundt det å jobbe med film og om sin veg inn i filmbransjen.

SAMTIDIG FORMIDLING – EIT TILBOD TIL HEILE LANDET

NFI skal sikre at alle nye tilbod blir utforma slik at dei samstundes blir formidla nasjonalt via Internett. Den utoverretta verksemda til NFI formidlar gjennom både museum og utstillingar i Filmens Hus, samstundes som utdjupingsmaterialet og tilleggsartiklar er tilgjengelege på nfi.no. Tre tematiske satsingar har vore dominerande for den utoverretta verksemda i 2013. 100-årsjubileet for Arne Skouen, 100-årsjubi-

leitet for norsk animasjon og 100-årsjubileet for norsk kinolov, med fokus på utviklinga av sensurmyndigheitene frå 1914 og fram til i dag. Alle tema har vorte belyste med utstillingar både på Filmens Hus og på nfi.no. Tematiske fokus som blir belyste gjennom utstillingar i Filmens Hus, blir òg formidla med biletmateriale og lengre artiklar på nett.

FILMPOLITISK MÅL: FILMKULTUR FOR ALLE

«Filmkultur for alle» er eitt av måla for norsk filmpolitikk. Dette er utdjupa slik i St.meld. nr. 22 (2006–2007) *Veiviseren*:

- *sikre den norske filmarven og gjere han tilgjengeleg på alle plattformer*
- *eit breitt filmtilbod i fjernsyn, bibliotek og digitale kinoar i heile landet*
- *ein sterk posisjon blant barn og unge som filmpublikum og filmskaparar, i både skole og fritid*

DEN NORSKE FILMARVEN – TILGJENGELEG PÅ ALLE PLATTFORMER!

Eitt av hovudmåla i norsk filmpolitikk er å sikre den norske filmarven og gjere han tilgjengeleg på alle plattformer. NFI formidlar filmkultur og den norske filmarven gjennom drifta av Filmmuseet og Cinemateket – og gjennom andre utstillingar og aktivitetar på nfi.no og i Filmens Hus. NFI tildeler også midlar til filmkulturelle tiltak over heile landet (post 78 *Filmkulturelle tiltak*). Og ikkje minst formidlar NFI den norske filmarven gjennom dvd-utgivingar og nettbaserte filmtjenester som Filmarkivet.no og Filmrommet.no. Internett har vorte ei sentral plattform for NFIs formidlingsarbeid og er eit viktig verktøy for å nå publikum i heile landet.


NETTBASERTE FILMTENESTER

NFI og Nasjonalbiblioteket samarbeider om formidling av norsk filmarv. Alle filmar som Nasjonalbiblioteket restaurerer, og som det er mogleg å inngå distribusjonsavtale for, blir gjorde tilgjengelege gjennom NFIs nettbaserte filmtjenester Filmarkivet.no og Filmrommet.no. Filmarkivet.no inneheld NFIs nasjonale digitale filmarkiv, saman med Norgesfilms filmkatalog. Her finst filmforteljingar i alle variantar; først og fremst filmar frå den norske filmhistoria, men òg utanlandske filmar. Publikum kan velje mellom nye og eldre spelefilmar, prisvinnarar, sterke dokumentarfilmar, gode kortfilmar, morosame reklamefilmar og ukjende lokalhistoriske opptak. Mange av filmene er ikkje tilgjengelege nokon annan stad. Det finst over 2000 filmar i Filmarkivet, av dei er ca. 1000 norske. Filmarkivet.no vart lansert i 2004 og tilbyr filmleige over Internett. Filmrommet.no er ei abonnementseneste der filmene i Filmarkivet.no er tilrettelagde for undervisning på skolar, bibliotek og institusjonar.

I 2013 vart det inngått nye avtalar for 71 filmar som vart gjorde tilgjengelege i Filmarkivet.no: 11 dokumentarar, 46 kortfilmar og 14 spelefilmar. 18 av filmene var for barn.

Bruken av NFIs nettbaserte filmtjenester er aukande. Auken frå 2011 til 2012 var spesielt stor, med ei dobling i talet på besøk. Frå 2012 til 2013 har bruken av tenesta vakse med 27 prosent. Det blir i dag jobba med å setje i gang ei ny abonnementseneste som vil vere klar i løpet av 2014, og som vil gjere tenesta meir brukarvennleg for privatmarknaden. Dette, saman med endringar i bruksmønster til publikum, gir grunn til å tru at tenestene vil auke i popularitet også i tida framover.

FIGUR 17: Besøk NFIs nettbaserte filmtjenester



DVD-UTGIVINGAR

NFI gir òg ut norske filmklassikarar på dvd. Dei er til sals i filmbutikken.no, i utsalet i Filmens Hus og hos større videoforhandlarar som Platekompaniet. Det vart i 2013 selt 2571 eksemplar av eigenproduserte dvd-ar og 1294 eksemplar av andre norske utgivingar kjøpte inn av NFI. Dei samla inntektene av salet var i 2013 på 761 982 kroner, mens inntektene enda på 986 836 kroner i 2012. Dette er ein nedgang på 22,8 prosent.

Tal frå Film & Kino viser at den generelle trenden er at omsetjinga i dvd-marknaden går ned (sjå *Solid publikumsoppslutning* for nærare omtale). Marknaden flyttar seg frå kjøp av fysiske produkt til ei forventning om tilgang til film på andre plattformer. Dette er òg bakgrunnen for at NFI i utviklingsstrategien for 2013–2015 i større grad flyttar fokus frå dvd til nettbaserte filmtjenester.

FILMENS HUS

Filmens Hus i Oslo er det nasjonale senteret for film og audiovisuelle uttrykk – og NFIs hovudarena for filmformidling. Her arrangerer NFI dokumentarfestivalen Eurodok, er medarrangør av festivalane Film fra Sør, Oslo Internasjonale Filmfestival og Skeive Filmer. I tillegg

samarbeider NFI om filmvisingar med ei rekke andre institusjonar og foreiningar. Filmens Hus er òg arena for fleire bransjetiltak, både kurs, møte og filmvisingar. I Filmens Hus finst òg Filmmuseet og Filmgalleriet.

CINEMATEKET

Cinemateket, som er NFIs kinoverksemd, ligg òg i Filmens Hus. I tråd med målsetjinga om å auke publikums kjennskap til filmen som vår tids viktigaste kulturuttrykk presenterte Cinemateket i 2013 fleire filmmønstringar med sentrale verk både frå samtida og frå filmhistoria. Gjennom konseptet Månadens film og Månadens klassikar får publikum møte perler frå filmhistoria i analogt eller digitalt format. Konseptet Filmsalongen tilbyr norske klassikarar presenterte med gjester i dialog med filmnestor Per Haddal.


Cinemateket gjennomførte i 2013 1220 opne publikumsvisingar med eit samla besøk på 53 678. Gjennomsnittleg var det 44 besøkjande per vising, noko som gav 1,9 millionar kroner i inntekter. I tillegg var det 492 lukka visingar (bransjevisingar) i Cinemateket, som gav 2,2 millionar kroner i inntekter. Til saman hadde Cinemateket dermed 4,1 millionar kroner i inntekter i 2013, noko som er svakt høgare enn i 2012, da dei samla inntektene var på 4 millionar kroner.

Besøkstalet i Cinemateket vil nødvendigvis variere noko frå år til år, men det har lege jamt på i overkant av 50 000 besøkjande dei siste tre åra.

Eit av dei viktigaste formidlingsarrangementa i Filmens Hus i 2013 var feiringa av Arne Skouen 100 år. Journalisten, forfattaren, dramatikaren og filmregissøren Arne Skouen, som døydde i 2003, ville ha fylt 100 år 18. oktober 2013. Dette vart markert ved at filmene hans vart gitt ut på dvd og nett, og dessutan med ei eiga

filmplakatutstilling og retrospektiv på cinema- teka i Noreg. NFI samarbeidde med SF Norge og Nasjonalbiblioteket om markeringa.

FIGUR 18: Besøk i Cinemateket 2010–2013



NFI STØTTAR FILMKULTURELLE TILTAK OVER HEILE LANDET

NFI støttar publikumsretta, filmkulturelle tiltak som underbyggjer dei nasjonale film- og kulturpolitiske måla. Støtteverdige tiltak skal komme eit allment publikum til gode og leggje til rette for oppleving av film som kunstart og massemedium – og gi auka kunnskap om film eller filmhistorie. Tiltak som bidrar til at film får ein sterk posisjon blant barn og unge – og tiltak som speglar eit kulturelt mangfald – blir prioriterte.

I 2013 vart det tildelt 2,72 millionar kroner i støtte til 30 filmkulturelle tiltak over heile landet. Til samanlikning vart det i 2012 tildelt 2,68 millionar kroner fordelt på 29 tiltak. Tildelingane har skjedd gjennom tre rundar med søknadsfristar i februar, juni og oktober. I 2013 vart det søkt om rekordhøge 9,7 millionar kroner. Tildelingane spenner frå talentverkstader til tidsskrift, filmprisar og lokale visingsprosjekt. Tilskott til tiltak for, eller med relevans for, barn og unge utgjorde 1,2 millionar kroner – tilsvarande 44 prosent av midlane.

ÅRSREKNESKAP 2013

DRIFTSREKNESKAP 2013

Rekneskaper for 2013 er avlagd ved bruk av kontantprinsippet i staten.

| KAP. 0334 POST 01 – DRIFTSUTGIFTER | REKNESKAP | BUDSJETT | AVVIK |
|---|-------------------|-------------------|----------------|
| | 31.12.2013 | 2013 | |
| Post 01.11 Lønn og godtgjering | | | |
| 01.11 Faste stillingar | 47 079 709 | 47 431 480 | -351 771 |
| 01.11 Overtid | 572 806 | 560 939 | 11 867 |
| 01.11 Vikarar | 1 531 332 | 442 515 | 1 088 817 |
| 01.12 Ekstrahjelp | 733 203 | 925 019 | -191 816 |
| 01.13 Mellombels stillingar | 243 578 | - | 243 578 |
| 01.17 Honorar | 842 257 | 841 500 | 757 |
| Sum 01.11 | 51 002 883 | 50 201 453 | 801 430 |
| 01.18 Arbeidsgivaravgift | 7 081 720 | 7 068 444 | 13 276 |
| Sum post 01.1 | 58 084 603 | 57 269 897 | 814 706 |
| Post 01.2 Varer og tenester | | | |
| 01.21 Maskiner, inventar og utstyr | 1 529 760 | 1 264 695 | 265 065 |
| 01.22 Forbruksmaterieill | 1 110 587 | 1 028 800 | 81 787 |
| 01.23 Reiseutg., representasjon, opplæring, velferd | 7 566 060 | 7 297 804 | 268 256 |
| 01.24 Kontortenester m.m. | 3 019 713 | 3 450 976 | -431 263 |
| 01.25 Konsulenttenester m.m. | 5 080 344 | 5 057 093 | 23 251 |
| 01.26 Fagrelaterte utgifter | 1 499 494 | 1 830 550 | -331 056 |
| 01.27 Vedlikehald av maskiner og utstyr | 4 624 499 | 4 088 746 | 535 753 |
| 01.28 Vedlikehald av bygg og anlegg | 919 184 | 447 018 | 472 166 |
| 01.29 Bygningars drift, lokalleige | 15 210 358 | 15 797 314 | -586 956 |
| Sum post 01.2 | 40 559 999 | 40 262 996 | 297 003 |
| Sum post 01 | 98 644 602 | 97 532 893 | -13 276 |
| Post 15 Refusjon arbeidsmarknadstiltak | -28 132 | -26 042 | -2 090 |
| Post 16 Refusjon fødselspengar | -363 103 | -350 000 | -13 103 |
| Post 18 Refusjon sjukepengar | -923 471 | -730 000 | -193 471 |
| Sum refusjonar | -1 314 706 | -1 106 042 | -208 664 |
| SUM | 97 329 896 | 96 426 851 | 903 045 |
| Løyving, tildelingsbrev | 97 677 000 | 97 677 000 | - |
| Resultat, mindreforbruk | 347 104 | 1 250 149 | 903 045 |

AVVIKSFORKLARING: Under kap. 3334 post 01 viser rekneskaper ei mindreinntekt på kr 2 168 936 samanlikna med tildelt budsjett. Mindreinntekta under kap. 3334 post 01 er i hovudsak knytt til ein vidare nedgang i salet av dvd.

| Oppdragsverksemd | Rekneskap | Budsjett | Avvik |
|---|------------------|------------------|-----------|
| Kap. 0334 post 21 | 31.12.2013 | 2013 | |
| Post 21 Særskilde driftsutgifter | | | |
| 21.11 Lønn og godtgjersler | 162 588 | 162 588 | - |
| 21.22 Varer og tenester | 4 429 491 | 4 429 491 | - |
| (Løyving iflg. Tildelingsbrev 9 789 000) | | | |
| Sum post 21 | 4 592 079 | 4 592 079 | - |
| Kap. 3334 post 02 | | | |
| Post 02 Inntekter ved oppdrag | | | |
| Overførte midlar frå 2012 | | 1 507 000 | |
| Post 02 Inntekter ved oppdrag | 4 397 281 | 4 397 281 | - |
| (Løyving iflg. Tildelingsbrev 8 282 000) | | | |
| Sum post 02 | 4 397 281 | 5 904 281 | |
| Post 21 – Rekneskapsførte kostnader pr. 31.12. 2013 | 4 592 079 | | |
| Post 02 – Tilgjengelege midlar i 2013 inkl. overføring frå 2012 | | 5 904 281 | 1 312 202 |

AVVIKSFORKLARING: Oppdragsverksemda under kap. 0334 post 21 og kap. 3334 post 02 viser mindreforbruk/ mindreinntekt i forhold til tildelt budsjett. Oppdragsverksemda svingar frå år til år etter kva aktivitetar som er under planlegging eller vidareføring. Det er forventa ein auke i oppdragsverksemda i 2014 samanlikna med rekneskapsstala for 2013.

| Avvik mellom post 21 og post 02 kjem fram slik: | |
|--|------------------|
| Overførte midlar frå 2012 | 1 507 000 |
| Rekneskapsførte inntekter i 2013. Kap 3334 post 02 | 4 397 281 |
| Rekneskapsførte kostnader i 2013. Kap 033421 | -4 592 079 |
| | 1 312 202 |

Mindreutgifta er søkt overført til 2014.

| Kap. 0334 post 71 – Filmtiltak m.m. | Rekneskap | Budsjett | Avvik |
|---------------------------------------|------------------|-------------------|--------------------|
| | 31.12.2013 | 2013 | |
| Vekst i prosjekt | 1 828 000 | 2 767 000 | -939 000 |
| Nye vegar til lange filmar | 440 000 | 590 000 | -150 000 |
| Manuskriptstøtte | 4 196 500 | 6 102 000 | -1 905 500 |
| Innkjøpsordninga for norsk film | - | 7 000 000 | -7 000 000 |
| Innkjøpsordninga for dataspel og film | - | 2 954 000 | -2 954 000 |
| Sum post 71 | 6 464 500 | 19 413 000 | -12 948 500 |

AVVIKSFORKLARING: Post 71 – Filmtiltak med meir består i tillegg til filmtiltak av innkjøpsordninga for norsk film og innkjøpsordninga for dataspel. For året viser posten ei mindreutgift på kr 12 948 500 i forhold til tildelt budsjett.

For filmtiltak står det att ei mindreutgift på kr 2 994 500 som er tildelt, men ikkje utbetalt, og som fordeler seg slik:

| | |
|----------------------------|-----------|
| Manuskriptstøtte | 1 905 000 |
| Vekst i prosjekt | 939 000 |
| Nye vegar til lange filmar | 150 000 |

Mindreutgifta er søkt overført til 2014.

For Innkjøpsordninga for norsk film står det att ei mindreutgift på kr 7 000 000. For innkjøpsordninga for dataspel står det att ei mindreutgift på kr 2 954 000.

| Kap. 0334 post 78 – Ymse faste tiltak | Regnskap | Budsjett | Avvik |
|---------------------------------------|------------|-----------|----------|
| | 31.12.2013 | 2730788 | |
| Filmkulturelle tiltak | 2 730 788 | 2 733 000 | -2 212 |
| Kursstøtte og utdanningsretta tiltak | 1 382 850 | 1 600 000 | -217 150 |
| Sum post 78 | 4 113 638 | 4 333 000 | -219 362 |

AVVIKSFORKLARING: Post 78 – Ymse faste tiltak består av filmkulturelle tiltak og stipend. Mindreutgifta er på kr 219 362. Mindreutgifta består av tildelte midlar der vi ikkje fekk personopplysningane tidsnok til å få utbetalt stipenda i 2013, men også nokre retur av stipend (der deltakaren måtte avlyse reisa) som kom så seint at dei ikkje kunne tildelast til andre. I underkant av 100 000 vart ikkje tildelt.

| Kap. 0334 post 01, 15, 16 og 78 – Ymse inntekter | Rekneskap | Budsjett | Avvik |
|--|------------|-----------|------------|
| | 31.12.2013 | 2013 | |
| Post 01 Driftsinntekter | 6 217 064 | 8 386 000 | -2 168 936 |
| Post 15 Ref. arbeidsmarknadstiltak | 28 132 | 28 132 | - |
| Post 16 Ref. fødselspengar | 363 103 | 363 103 | - |
| Post 18 Ref. sykepengar | 923 471 | 923 471 | - |
| Sum inntekter post 01, 02, 15, 16 og 18 | 7 531 770 | 9 700 706 | -2 168 936 |

FONDSREKNESKAP 2013 LIKVIDITETSREKNESKAPEN

Jf. likviditetsrapportar for fondskontoen i Noregs Bank UB 2012 og UB 2013 som viser høvesvis NOK 211 947 000 og NOK 225 002 000.

Disposisjonsrekneskap:

| | | |
|---------------|---|--------------------|
| Kapittel 0334 | | |
| Post 50 | | |
| | IB disponibelt pr. 01.01.2013 | 34 675 000 |
| | Tildelingsbrev 2013 KUD | 436 501 000 |
| | Tildelingsbrev 11/01334 Sørfond Utanriksdep. | 2 000 000 |
| | Tilbakebetalt etter inntektsrapportering 2012 | 1 283 000 |
| | Tilskott tilbaketrekt | 25 239 000 |
| | Tilbakebetaling produsentstøtte | 765 000 |
| Kapittel 0334 | | |
| Post 51 | | |
| | Tildelingsbrev 2013 KUD, TV2 AS | 10 333 000 |
| | Sum disponibelt 2013 | 510 797 000 |
| | Innvilga i 2013 | 470 343 000 |
| | UB pr. 31.12.2013 | 40 453 000 |

Den samla fondsrekneskapen for Norsk film-institutt viser at det pr. 31.12.2013 er innvilga 470 343 000 NOK i fondsmidlar. Det er 40 453 000 ikkje-disponerte midlar i 2013.

Midlar som ikkje er disponerte i 2013, består i all hovudsak av 28 millionar avsett til innmelde pakkefinansierte filmar som har fått forskyvd framdrift og opptaksplan og først vil få tilskott i 2014, og 11 millionar avsett til Nye vegar-filmar som har hatt eit lengre sprang med utvikling enn først rekna med. Beløpet er overført til 2014, der desse filmene vil få vedtak om produksjonstilskott.

Det er eit overforbruk knytt til etterhandstilskott. Det kjem i vesentleg grad av at fleire

produsentar enn føresett bad om at utbetaling av etterhandstilskott dei hadde krav på, vart gjort i kalenderåret 2013 framfor i 2014. Overforbruket frå 2013 blir dekt inn på samsvarande postar i budsjettet for 2014.

På andre poster blir mindreforbruk overført til samsvarande poster for 2014-budsjettet.

Eigne inntekter på 2,05 millionar er overførte til kinofilm etter kunstnarleg vurdering.

UB per 31.12.2013 harmoniserer ikkje med saldo på fondskontoen i Noregs Bank pr. same tidspunkt. Dette er fordi utbetalingane som regel kjem i rateutbetalingar i lang tid etter tildelingspunkta.

UINNDRIVELEGE FORDRINGAR OG AVSKRIVING AV TAP

Det er i 2013 avskrive kundefordringar for til saman kr 38 656,49. Avskrivningane er gjorde etter fleire purringar og varsel om inkasso.

Uinndrivelege fordringar og avskrivning av tap

| Bilagsnr. | Periode | Tekst | Beløp |
|------------|---------|---|------------------|
| 2130006 | 201301 | Avskrive fakt. 51103071 jf. Kursavd. | 400,00 |
| 2130007 | 201301 | Avskrive fakt. 51101741 jf. Kursavd. | 350,00 |
| 2130021 | 201302 | Avskrive av Lindorff pga. konkurs, fakt. 51103095 | 10 900,00 |
| 2130022 | 201302 | Avskrive av Lindorff pga. konkurs, fakt. 50901894/1915 | 15 500,00 |
| 2130023 | 201302 | Avskrive av Lindorff pga. uidentifisert, fakt. 51200248 | 401,80 |
| 2130112 | 201307 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51000887 | 682,20 |
| 2130113 | 201307 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51000268 | 453,40 |
| 2130114 | 201307 | Avskrive av Lindorff, fakt. 50903488 | 293,40 |
| 2130115 | 201307 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51100763/883/1043 | 1 660,80 |
| 2130116 | 201307 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51000997 | 1 352,80 |
| 2130117 | 201307 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51101294 | 156,20 |
| 2130118 | 201307 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51001325/1764 | 1 225,20 |
| 2130119 | 201307 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51102473 | 1 140,00 |
| 2130175 | 201309 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51001759 | 92,20 |
| 2130176 | 201309 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51002026 | 389,40 |
| 2130177 | 201309 | Avskrive pga. vanskelig å inndrive, fakt. 51300119 | 120,20 |
| 2130218 | 201310 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51002324/18 | 1 428,40 |
| 2130219 | 201310 | Avskrive av Lindorff, fakt. 51002339 | 220,40 |
| 31300749 | 201311 | Avskrive fakt.nr. 51003080 – overvakt av Lindorff | 1 890,00 |
| SUM | | | 38 656,40 |

VERKSEMDSSTYRING OG PERSONALFORVALTNING

ETISKE RETNINGSLINJER OG ETISK BEVISSTGJERING

Verksemda har utarbeidd etiske retningslinjer baserte på dette grunnlaget: Lojalitet, openheit og tillit. Norsk filminstitutt's fremste kapital er den kunnskapen vi forvaltar, og den tilliten vi har frå omverda, både frå embetsverket og frå den politiske leiinga, frå bransjen og frå det allmenne publikummet. Alle tilsette har eit ansvar for å forvalte denne tilliten og opptre slik at det fremmar allmentas interesser, slik at vi søker likebehandling og møter alle med respekt. Alle pliktar derfor å opptre på ein etisk forsvarleg måte, slik at det bidrar til å styrkje tillitsforholdet.

RISIKOANALYSE

Det var vedteke fem hovudområde med tilhøyrande tiltak for risikooppfølging i 2013. To av hovudområda blir vurderte til å ha høg risiko og høg skadeeffekt, tre av dei er til observasjon:

KRITISK (HØG RISIKO, HØG SKADEEFFEKT):

NFI skal bidra til at publikum får møte norske audiovisuelle uttrykk på dei plattformene som er relevante.

TILTAK: Innføring av innkjøpsordningar for digitalt utlån av film (kort- og dokumentarfilm).

STATUS: Vi er svært nære å finne ei teknisk løysing for utlån av kort- og dokumentarfilm og reknar med at tilbodet vil vere tilgjengeleg for publikum i løpet av siste halvdel av 2014.

VURDERING: Vi reknar det som lite sannsynleg at tiltaket ikkje skal bli gjennomført, men det vil alltid vere ein risiko for uføresette tekniske problem som forseinkar eller stansar prosessen.

TILTAK: Intern kompetanseutvikling: kurs for tilsette med særleg fokus på utvikling/produksjon og lansering.

STATUS: Det er gjennomført eitt heildagskurs i transmedia for tilsette i utviklings- og produksjonsavdelinga.

TILTAK: Ekstern kompetanseutvikling: Prioritere kurs innan cross media / transmedia.

STATUS: Tiltaket har første prioritet i NFI:Lab, med målsetjing om internasjonal kvalitet. Gjennomført spelkonvent og dessutan transmedia-treff under Nordic games.

TILTAK: Vurdere forskriftsendring for i større grad å likestille lanseringsplattformer.

STATUS: Problemstillinga må takast opp i den nye filmmeldinga.

SAMLA VURDERING: Punktet om at publikum får møte norske audiovisuelle uttrykk på relevante plattformer, vil bli teke opp i ei ny filmmelding. Arbeidet med ei ny filmmelding startar i 2014. Vi vurderer derfor at risikoen er liten for at publikum ikkje skal få eit tilfredsstillande og relevant tilbod i åra frametter.

NFI skal i 2013 leggje særleg vekt på å følgje opp tilskottsmottakarar.

TILTAK: Auke kapasiteten for ekstern kontroll.

STATUS: Administrasjonen er auka mellombels med 50 prosent controllerressurs i siste halvdel av 2013. Fokus på oppfølging av tilskottsmottakarar blir halde oppe i 2014.

TILTAK: Kartleggje økonomien i filmbransjen.

STATUS: Kulturdepartementet vil i løpet av 2014 gjennomføre ei større undersøking av økonomien i filmbransjen.

SAMLA VURDERING: På større/kompliserte prosjekt stiller NFI krav til tilskottsmottakaren om ferdigstillingsgaranti. Det er gjennomført omfattande stikkkontrollar av prosjektrekneskaper i 2013. Risikoen for at tilskottsmidlar går tapt, ser vi på som låg.

TIL OBSERVASJON (SKADE OG RISIKO ER VURDERT Å VERE HØG PÅ EITT AV OMRÅDA):

Kontakt og samarbeid med det internasjonale filmsamfunnet kan bidra til at norske produksjonar når eit større publikum utanfor Noreg og samstundes styrkje dei kunstnarlege og

økonomiske føresetnadene for utviklinga av norske filmar, dokumentarar, fjernsynsdrama og dataspel.

TILTAK: NFI vidarefører den internasjonale satsinga.

STATUS: Bransjen står overfor strukturelle utfordringar som påverkar vilkåra for finansiering og distribusjon. Europeisk finansiering er svekt i mange land, og presset på tilskott frå overnasjonale filmfond har med dette auka. Fleire prosjekt stansar opp fordi produsentane ikkje får på plass finansieringa.

TILTAK: Kartleggje konsekvensane av å innføre ei incentivordning i Noreg.

STATUS: KUD har lyst ut eit anbod. Det er forventat at det vil liggje føre ein rapport i løpet av første halvår 2014.

SAMLA VURDERING: Incentivordningar og lokale fond er ikkje kapital som er tilgjengeleg i investeringsfasen, men til nytte når produksjonen alt er i gang, ved at ein får redusert kostnadene under sjølve produksjonen. Ordningane har òg ofte krav til lokal bruk av tildelte midlar og fagkompetanse. Dette bør balanserast mot risikoen for utflagging av norsk kjernekompetanse. På sikt bør ein vurdere proporsjonaliteten mellom norske verkemiddel og internasjonale tilbod.

Målet om 40 prosent kvinnedel i nøkkelposisjonar (manuskript, regi og produsent) i tildelingane frå Norsk filminstitutt ligg fast. Når det gjeld dei ulike typane nøkkelposisjonar, er det særleg på regi at kvinnedelen er låg. NFI oppretta i 2012 eit talentprogram med tilskott til regitalent innan kinofilm – Nye vegar til lange filmar. Denne satsinga skal vidareførast og følgjast opp tett.

TILTAK: Nye vegar til lange filmar, mål om 50 % kvinner.

STATUS: Det vart gitt fire utviklingstilskott og eitt produksjonstilskott til i alt fire filmar i Nye vegar-ordninga. Desse fire filmene hadde to kvinnelege og to mannlege regissørar.

TILTAK: Moderat kvotering innan konsulentvurdering.

STATUS: Kvinneandelen i nøkkelposisjonar i prosjekt som er tildelt produksjonstilskott, er på eit historisk høgt nivå og svært nær målsetjinga på 40 prosent i 2013. For kinofilm er det ein oppgang frå 33 prosent i 2012 til 38,5 prosent i 2013. Prosentdelen for dokumentar og kortfilm har historisk sett lege på eit høgare nivå enn for kinofilm, men den har òg her gått markert opp frå 2012-nivå til 50 prosent (41 prosent i 2012) og 45 prosent (36 prosent i 2012). Elles viser vi til tabell 18.

TILTAK: Prioritere kvinner innan VIP-stipendordninga.

STATUS: Tre av sju stipend i 2013 gjekk til kvinnelege regissørar.

TILTAK: Mentorordning.

STATUS: Dramatikerforbundet, Filmforbundet og Regiforbundet har gått saman om ei felles mentorordning, i hovudsak finansiert av NFI. Ikkje etablert i Produsentforeningen, men fleire følgjer der program gjennom Innovasjon Norge

SAMLA VURDERING: NFI er oppteken av at norsk film skal spegle og representere det samfunnet vi lever i. I denne samanhengen er det viktig at også kvinner er representerte på same måte som menn. Den positive utviklinga på tilskottsnivå er eit resultat av kontinuerlig arbeid med og satsing på likestilling og mangfald i filmbransjen.

Det er eit mål at film skal ha ein sterk posisjon blant barn og unge. NFI og Film & Kino er saman ansvarlege for implementeringa av handlingsplanen for filmsatsing på barn og unge (2011–2013). Handlingsplanen for barn og unge byggjer på eit arbeidsdelingsprinsipp mellom NFI, Film & Kino og dei regionale filmtiltaka. NFI har eit nasjonalt ansvar for barn og unges aktivitetar på fritida, men få økonomiske midlar. Film & Kino har ansvaret for filmaktivitet i skolen og gir også tilskott til regionale senter for aktivitetar.

TILTAK: Målsetjing om tilskott til to barnefilm etter konsulentvurdering, to etter marknadsvurdering.

STATUS: Av årets tildelingar er tre av fire marknadstilskott gitt til barnefilm. Tre av filmene etter kunstnarleg vurdering er barnefilm, og NFI har med det lukkast i å halde oppe målsetjinga om å sikre barnefilmen. Vi vil likevel peike på at det framleis i stor grad dreier seg om kjende univers. Berre ein av filmene som har motteke produksjonstilskot, er originalskriven, og ein er bygd på ei bok av Leif Hamre, men kan ikkje seiast å vere eit etablert univers.

TILTAK: Cinematek Barn og Cinematek Ung.

STATUS: Barnas Cinematek har gjennomført visingar kvar helg, laurdag og søndag i 2013, så nær som i jula og sommarferien. Det vart registrert 4601 besøk på Barnas Cinematek i 2013. Det er ein auke på 8,2 prosent frå 2012. Besøket varierer noko frå år til år og vil blant anna vere avhengig av talet på førpremierar på norskproduserte filmar. Barnas Cinematek er eit lågterskeltilbod med breitt nedslagsfelt og trekker til seg barnefamiliar frå mange samfunnslag. Cinematek Ung vart avvikla i 2013, da ein ikkje opplevde å nå dei ønskete måla.

TILTAK: Støttetiltak gjennom post 78.

STATUS: Som en konsekvens av Film & Kinos kutt i løyvinga til regionale filmtiltak for barn og unge i 2013 retta NFI sine kriterium inn mot å styrkje tiltaka for denne målgruppa. Av 2,63 millionar kroner løyvd over post 78 Regionale filmtiltak vart dryge 1,2 millionar gitt som tilskott til prosjekt med barn og unge som målgruppe.

SAMLA VURDERING: NFI har eit særleg ansvar knytt til barn og unges filmtilbod på fritida og som produsentar av eigne filmuttrykk. NFI vil halde fram dette arbeidet blant anna gjennom Barnas Cinematek, utstillingar, aktivitetar og verkstader i Filmmuseet og Filmgalleriet og som forvaltar av post 78 på statsbudsjettet, *Filmkulturelle tiltak*.

I revidert nasjonalbudsjett løyvde KUD 2,5 millionar kroner til Film & Kino for å halde oppe tilskotta til regionale tiltak for barn og unge i 2013. I statsbudsjettet for 2014 har KUD vedteke å overføre 5 millionar kroner til post 78 for regionale filmtiltak for barn og unge. NFIs vurdering er no at tiltak til barn og unge vil bli styrkte i 2014, og at andre aktivitetar og tiltak skal prioriterast i ordninga for filmkulturelle tiltak.

INTEGRERING/INKLUDERING AV PERSONAR MED INNVANDRARBAGRUNN

NFI følgjer gjeldande reglar for inkludering av personar med innvandrarbakgrunn knytt til rekrutteringsprosessar.

Integrering/inkludering av personar med innvandrarbakgrunn 2013

| | N | % |
|-----------------|---|-------|
| Fast tilsette | 1 | 0,9 % |
| Deltidstilsette | 0 | 0 % |

MILJØARBEID

NFI er oppteke av å integrere miljøomsyn i drifta av verksemda. For 2013 har det i hovudsak vore ei vidareføring av tiltak innan dei fem områda nedanfor:

MILJØARBEID

| Tiltak 2013 | |
|---------------------|--|
| Energiøkonomisering | Merksemd rundt energiøkonomisering i samarbeid med gardeigaren. |
| Reinhald | Det blir kravd bruk av miljøvennelege produkt. |
| Innkjøp | Leverandør med miljøprofil skal veljast der det er mogleg. |
| Papirforbruk | Standard tosidig utskrift i s/k krev også at brukarane nyttar ID-kort for å få utskrift. |
| Avfall | Kjeldesortering: matavfall, plast, papir, papp, elektronikk, lysstoffrøyr og restavfall. |

LIKESTILLING

Norsk filminstitutt har i 2013 halde fram med å overvake kjønnsbalansen i alle tiltak som vi støttar eller initierer, så som profilering av filmskaparar gjennom utstillingar, dvd-produksjonar, markeringar og anna, og ikkje minst i filmformidlingsarbeidet vårt for barn og unge. Instituttet har god kjønnsfordeling mellom dei tilsette og fører ein likelønnspolitikk.

LIKESTILLINGSRAPPORT 2013

| Likestillingsrapport 2013 | | Totalt | | Leiarstillingar | | Andre stillingar | |
|-----------------------------------|---|---------|------|-----------------|------|------------------|------|
| | | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| | | | | | | | |
| Kjønnsfordeling alle | N | 63 | 56 | 10 | 2 | 53 | 54 |
| | % | 52,9 | 47,1 | 83,3 | 16,7 | 49,5 | 50,5 |
| Kjønnsfordeling heiltidstilsette | N | 44 | 50 | 10 | 2 | 34 | 48 |
| | % | 46,8 | 53,2 | 83,3 | 16,7 | 41,5 | 58,5 |
| Kjønnsfordeling deltidstilsette | N | 13 | 12 | | | 13 | 12 |
| | % | 52 | 48 | | | 52 | 48 |
| Gjennomsnittsløn (i tusen kroner) | | 521 | 494 | 619 | 826 | 497 | 477 |

INKLUDERANDE ARBEIDSLIV

Norsk filminstitutt har i samarbeid med dei tillitsvalde fornya samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv. Det har blitt utarbeidd ein mål- og aktivitetsplan som refererer seg til alle dei tre delmåla i samarbeidsavtalen: 1) sjukefråvær 2) personar med redusert funksjonsevne 3) avgangsalder.

Vi har fokus på sjukefråvær, og alle tilsette er informerte om lovendingar og rutinar. Arbeidstakarar, tillitsvalde og leiarar er informerte om pliktene sine i arbeidet med sjukefråværet.

VARSLINGSRUTINAR

Leiinga i NFI ønskjer å leggje til rette for eit godt ytringsklima internt og vil at dei tilsette skal føle seg trygge på at konstruktive og kritiske tilbakemeldingar vil bli høyrdte og vurderte. I tillegg er det både ønskjeleg og nødvendig at ein som tilsett i NFI seier ifrå dersom ein får kjennskap til kritikkverdige forhold internt i verksemda, slik at det kan setjast inn nødvendige tiltak for å rette på forholdet. På denne bakgrunnen og i tråd med arbeidsmiljølova § 3–6 har verksemda utarbeidd eigne interne retningslinjer for korleis ein tilsett som ønskjer å varsle om kritikkverdige forhold, kan gå fram.

BRUKARUNDERSØKINGAR


Verksemda gjennomfører kvart år undersøkingar i samband med lanseringsarrangementa Filmvåren og Filmhausten. I tillegg er NFI med i Norsk FilmMonitor, som kartlegg korleis det norske folket vurderer norske kinofilmar. Det vart òg gjennomført ei undersøking blant internasjonale kontaktar for å sjekke kva dei meiner om eksisterande informasjonsmateriell, filmdatabase og engelsk nettside, og korleis og på kva for nokre plattformer dei ønskjer å ta imot informasjon framover.

SJUKEFRÅVÆR



| Sjkefråværsstatistikk 2013 | | | |
|----------------------------|--------------------|--------------------|--------------|
| | Korttidsfråvær (%) | Langtidsfråvær (%) | Totalt (%) |
| 1. Kvartal | | | |
| Menn | 1,7 % | 1,6 % | 3,3 % |
| Kvinner | 3,2 % | 3,8 % | 7,0 % |
| 2. Kvartal | | | |
| Menn | 1,4 % | 1,5 % | 3,0 % |
| Kvinner | 0,8 % | 2,2 % | 3,0 % |
| 3. Kvartal | | | |
| Menn | 1,2 % | 3,1 % | 4,4 % |
| Kvinner | 1,4 % | 1,5 % | 2,9 % |
| 4. kvartal | | | |
| Menn | 1,7 % | 1,3 % | 3,0 % |
| Kvinner | 1,7 % | 5,0 % | 6,7 % |
| Totalt | 1,7 % | 2,6 % | 4,3 % |

Statistikken er oppdatert pr. 31. desember 2013.

Korttidsfråvær blir rekna frå 1 til 16 fråværsdagar og langtidsfråvær frå 17. dag.



Den norske kortfilmen *Å vokte fjellet* av Izer Aliu vann hovedprisen på Chicago Internasjonale Barnefilmfestival i 2013. Filmen er Alius eksamensoppgåve ved Den norske filmskolen på Lillehammer og fortel om ein ung albansk guts dilemma om anten å lyde farens strenge ordre eller å følgje eigen oppfatning av kva som er rett og gale.



Filmens hus

Dronningensgate 16

Postboks 482 Sentrum • 0105 Oslo

www.nfi.no